

AM

Utgjeve av Jølster Mållag

1998 – 15. ÅRG.

*Knut K Øygard er fødd i Stardalen
27.11.97 bar jobba i NKUF, og vore
lærer på Sunnmøre Ungdomsskule.
Prest i Fjell til han døydde 12.03.51.*

Jølster

*Eg kom over breen ei juninatt
med' tette skodde for synet stengde.
Brått vakna morgon då sola spratt,
og ljuset ned gjennom tåka sprengde.
Då såg eg eit syn som gjorde meg fjåg:
Jølster, Jølster nedfor meg låg
doggvåt i disig morgonluft.
Oddar og nes uti vatnet tøygde,
dalane tett innmed fjella smøygde
Eldgamle tun med store tre
låg der og sov i jonsokfred.*

*Eg slengde med ned på ein mosut stein
og stirde ut over bratte tindren.
Rundtom låg fjellbeimen kvit og skein,
solskyer leika i morgonvinden.
Då ropa eg ut over dal og høgd:
Jølster, Jølster, mi gamle bygd,
ung som på skapningens første dag!
Duld mellom høgfjella vart du funnen
fordom av fedrar som rудde grunnen,
Norrøne ætter frå Auduns tid
bitta seg beim under grøne lid.*

*Frå gardar og grender steig røyken blå,
då morgondimma for sola rakna.
Glad laut eg syngja ein salme då,
eg såg at folket der nede vakna.
Det rørde mitt hjarte so underleg:
Jølster, Jølster, Gud signe deg
at du må vakna or svevnen rett,
tene din Gud i tidlege timar,
stunda til dåd medan dogga glimar.
Jølster, Guds åsyn imot deg sklein,
dagen er runnen og den er din!*



Jølster mållag

Styret 1998

Magnar Juklestad, leiar
John Svidal, nestleiar
Norvald Nedrebø, kasserar
Elsa Norunn Håheim Nydal, skrivar
Steinar Veiteberg, styremedlem

Du er hjarteleg velkomen til å bli
medlem i mållaget.

Medlemskontingenten er for tida
kr 200,-

Adressa er:
Jølster Mållag
Norvald Nedrebø
6850 Skei

Jølster mållag har i år fått til ei eiga
skrivenemnd i indre bygda. Vi vonar
å få til ei skrivenemnd i nedre bygda
til neste år.

Sverre J. Befring
Jarl Yndestad
Olav Veiteberg
Magnar Juklestad



Anders Viken

Av innbaldet:

| | side | | side |
|---|------|--|------|
| Litt om åklø i Jølster | 4 | Harde presteord 1831 | 17 |
| Skjold Skileikarlaug | 7 | Jostedalsbreen på langs | 20 |
| Anders Viken | 9 | På vitjing hjå bureisarane ved Orkja ein vintersdag | 22 |
| Ordet og steinen i vegen | 11 | 6. klasse ved Skei skule 1998/99 | 27 |
| Eikås Ungdomslag 1903-1956 | 12 | Barneside | 29 |
| Prolog til 70-års høgtida for Eikås Ungdomslag | 16 | Sogegranskaren A. Egge | 30 |
| Bondestudenten | 17 | | |

Dette året har redaksjonen av Jølst gjort ein vri i høve tradisjonen å skrive om ein kunstnar i Jølster. Vi har valt handverket veving og har fått Aud Sunde til å skrive litt om dei mange åkløvariasjonane i bygda, og som også har spreing over beile Vestlandet. (Støttelitteratur: Marit Wang, RUTEÅKLÆR, 1983).- Aud Sunde har nytta mange lokale, eldre dialektiske faguttrykk for veving i denne artikkelen. Ved dette høvet har ho samla inn og fått fotografert mange ulike åklø heimebøyrande i Jølster. Vi viser nokre av dei her. Oddleiv Apneseth er meistar for bileta som prydar Jølst 1998.

Litt om åklø i Jølster

Av Aud Sunde

Åkløtradisjonen i Jølster er rik. Roseåklø (smett) og randåklø i «fjølrøys» og «tenningar» er dei vanlegaste og høyrer til dei eldste variantane. Krokbragd-åklø ser yngre ut, og har vore mindre brukt. Dei er ikkje med her. (Eit anna ord for dialektuttrykket «fjølrøys», er kjeppskil, «tenningar» er det same som kjerringtenner).


I eldre tid vart det vove bruksåklø kvar vinter. Etter at dei hadde vove det dei trong av ty til kløde, vart renning til kvitlar sett opp fyrst, og så vov dei åklø til slutt. Når dei skulle hyse gjester til bryllaup, barnsøl eller gravferd, måtte dei ha nok sengkløde. I store lag om sommaren vart det laga flatseng både i bu og løe.

Roseåklø var til fint bruk. Jenta vov sitt eige brure-åklø. Til det var smettvev mest vanleg. Brurefolket

skulle ha åkløet i kjerra til og frå kyrkje og i benken der dei skulle sitje i kyrkja. Og så skulle det ligge på bruresenga.

Åklønamn som Kolverose (Nikrossrose), Klo, Honne- og kollerose, Samrose, Skakkerose og Åttebladrose er kjende i Jølster. Dei eldste av desse er som regel i fargane raudt, kvitt, gult og svart, eller ofte blått i staden for svart. Det kvite kan av og til vere tråd tilverka av brennesle.

Fargestoffa til farging fann dei i plantane ute i naturen. Å samle plantane før jonsok var best. Skribenten har ikkje greie på farging, men nemner i fleng slikt vyrke som det er snakk om: Bjørklauv, gule blommar, rognebork, skjegg av gran og fure, røsslyng, pors, jamne, svølme (to grasslag) og mose av fleire sortar. Mangt anna vart sikkert også prøvt. Fargestoff innført frå utlandet var krap (til raudt), indigo (til blått)



Detalj frå brureåklø frå 1885.

og kochenille (ei slags lus, brukt til raud-
lilla).

Svorte var og eit fargestoff dei brukte. Det er masse frå blaute, jarnhaldige dike i myrar. Anna Fonn fortel at det var slik myr under gamlehuset deira på Fonn, og på nabogarden. Mange kom med tunner og henta slik masse som dei skulle bruke til farging. Tråden fekk ein mørk, grågrøn, bort imot svart farge. Med tida vart fargen meir mørk grønaktig. Ein kan kanskje seie «grøn av elde»? Etter at det kom pakkelèt i handelen, vart fargane veldig kraftige, nesten skarpe. Variantane vart høgraudt, vinraudt, orange, skarp blågrøn, rosa, lilla, svart og dempa kvitt.

Dei eldste smettåklèa har alltid ende-
border (fot) med rander og ofte innfelt ei
korsbord i smettvev. Med to fargar, kan
«fjølroys» og «tenningar» (kjerringtenner)
skape tallause variasjonar. Materialane er
linrenning og spelsaugarn. Truleg var den
primitive vevemåten to skaft både til ren-



*Dette åklèet i Skakkerose vart brukt til brure-
åklè før 1868. Det vart berga ut or fonna på
Heggheim i 1868.*




*Honne- og kollerose. Mønsteret vert også kalla Førstro-
se. «Foten» i åklèet er svært alderdommeleg.*




Fjølroysåklè med kjende, gamle fargar.

der og smett. «Fjølroysa» vart laga med å plukke tre trådar i renninga opp og ned på ei litt breid fjøl som vart reist på høgkant bak skafta. Difor nemninga fjølroys. Etter at «havalding» (hovling) på fleire skaft kom i bruk, kunne «fjølroys» treast på fire skaft slik at mønsteret kunne trøast. Ein måte å «havalde fjølroys» på kan sjå slik ut:

Då sa dei : «Øpst, nemmaste øpst og øpst. Fremst, nemmaste fremst og fremst».



Fireskafta krokbragd er ein annan måte som ser slik ut:



Olina Fossheim (og mange andre) hadde stor interesse for åklètradisjonen. Mellom anna la ho merke til åklèa som dei brukte til hestedekken med kyrkja. Materialar og vevemåte vart registrert i minnet. Ho hadde nemningar for dei varierte rendene i foten på roseåklèa:

«Snaretenningar», d.v.s. ein tråd innslag vekselvis av to fargar.

«Skjortebandsrånd», d.v.s. «há-rånd» (borde med H som mønsterrapport)

«H-rånd» d.v.s. fjølroys og tenningar


«Sønegjer», d.v.s. vev i to fargar, – fyrst to innslag av ein farge, så eitt innslag av ein annan farge, – og så repetisjon –.

«Troll-rånd, d.v.s. fjølroys og tenningar». Kjerringtennene lagar tre føter i staden for to på «fjølroysmønsteret», – eller ein- og ein- halv H i mønsterrapporten.

Randåklèa er vovne med same teknikkane i rendene og med stor variasjon. Fargane er dei same som i roseåklèa. Randåklèa var nytta til sengeklede.

Dei eldste smettåklèa har dobbeltslyng. Veften vert slynga i einannan i fargeskiftet begge vegar i smettet. Bindinga mellom rutene får ein markert kant på vranga. Rettsida er glatt. Enkel slyng er lik på begge sider.

I Noreg finn ein roseåklèa for det meste på Vestlandet. Åklèsamlinga på Historisk Musèum i Bergen har



Dobbelslyng

Enkelslyng

(Ill.: Lars Tangedal)

registreringar frå og med Sunnmøre til og med Lista, Mandal og opp gjennom Setesdal. Der er nokre eksemplar frå Gudbrandsdalen (t.d. Nikrossrose) og Hallingdal (t.d. Åttebladrose). Utanfor Noreg finst rutesmette med dobbel slyng i Sverige, Finland, Polen og Bulgaria. Eit teppe frå Åbo i Finland er vove i 1712. Det har dobbel slyng. Mønsteret Samrose er registrert i finsk kyststrok.

I gravferd vart det brukt åklè på kista. Det vart kalla «likåklè» og vart brukt berre ved slike høve. Det er ikkje registrert slike åklè til dette skrivearbeidet.

Skilbragdåklè («henteåklè») vart kalla «kristnaåklè». Dei vart brukte på dåpsbarnet til og frå kyrkje. Dette er eit åklè som har eit botnlag i lerretsbinding. Åklèa kan ha renning av bomull eller eingjengd ulltråd tredd på to skaft eller fire botnskaft med vanlege hovold. Etterpå trer ein dei på mønsterskaft som har hovold med lange auge som vert henta opp (lyft opp for å lage mønsterskiljet) etter slik som mønsteret skal bli. Difor nemninga «henteåklè». Innslaget i mønsterskiljet var kulørt ullgarn. Etter kvart mønsterinnslag blir det slege inn ein botntråd.

Larkeåklè (larkar er det same som filler) var utnytting av ressursar. Utslitne ullklede vart «tegde opp» (opprekte), karda og blanda med ull for å styrke tråden. Aslaug J. Dvergsdal hugsar at bestemora gjorde slikt arbeid. Ho karda med småkarder. Slik tråd vart aldri jamn i fargen. Det vart vove både smett- og randåklè av dette garnet. Desse åklèa vart brukte til å legge på sengehalmen eller til hestedekken.

Som avslutning kan det vere greitt å tenkje litt over kva tyding det tekstile handverket hadde for bygda og folket som levde, – og lever her. Vi må ikkje gløyme at material- og handverkskunnskapen som gjekk i arv i slektene hadde avgjerande tyding for å greie seg i kvardagen. – Og vidare, – innsamlinga av åklè til denne artikkelen var ei fin og positiv oppleving. Ingen sa nei på spurnad om utlån av åklè. Det er lett å få gjort eit arbeid når alle er positive. Skribent og redaksjon takkar for velviljen.

Skjold Skileikarlag

Av Inge Erikstad og Johnny Terje Årdal

Skjold Skileikarlag vart skipa 13. april 1995. Skipingsmøtet var lagt til Bendiktunet i Årdal sidan initiativtakaren var heimehøyrande her. Føremålet med møtet var, sitert frå møterull (tapetrull): - «skipe / danne / lage eit skileikarlag e.l. i Årdalen m/omegn.» Den vedtaksføre forsamlinga på 21 røysteføre, tok i tur og orden opp framlegg til namn, føremål, vedtekter og val av styre. I denne forsamlinga var det i namnesaka meiningsspriket var størst.

Namneframlegga var fylgjande:

- 1) Skjold Skileikarlag
7 røyster.
- 2) Skjold / Kattadalen ski-og tapetlag
5 røyster.
- 3) Skjold Kongelege Skileikarlag
3 røyster.

Heile seks røysteføre valde å stemme blankt. Det kanskje minst kontroversielle framlegget drog i land ein knipen siger til i fylgje protokollen ein «stormandes applaus.» Føremålet med lauget vart etter litt om og men vedteke med god margin. Ordlyden vart fylgjande: «For fremjing av ski og anna galskap i Årdalen og omliggjande bygdelag.» Ni vedtekter er innrullert.

Her kan nemnast:

- §1: Det skal arrangerast ein skidag kvart år, – med bankett i Bendiktunet.

§2: Tur til Hemsedal i mars.

§3: Medlemskontigent etter behov.

§4: Utarbeide logo til å ha på medlemseffektar.

§8: Medlemene skal ha eit par ski. Det er ikkje avgrensing i geografisk plassering, men medlemene skal kunne vise til ei viss tilknytning til Årdalen og omegn.

§9 Styret kan (og skal) ekskludere medlemmer som viser dårleg leikånd.

Det mangla ikkje på vidtrekkjande framlegg til styret si rollesamansetjing. Fylgjande vart vedteke: president, visepresident, finansskrue, generalsekretær og informasjonssjef. Det etterkvart einstemmig valde styret som sit så lenge presidenten vil, fekk fylgjande samansetjing: President Inge Erikstad, visepresident Johnny Terje Årdal, finansskrue Bjørn Årdal, generalsekretær Anne Grethe Helgheim og informasjonssjef Oddvar Årdal. Sistnemnde vart kasta etter to år. Informasjonssjef no er Kristin Årdal.

Styret si fyrste oppgåve var å utforme framlegg til logo før årsmøtet. Fleire meir eller mindre seriøse framlegg vart lagde på bordet og valet vart naturlegvis det minst ekskluderande, – i dag så velkjende: «Det er lov å dette.» Lauget sin populistiske profil med høg, sosial faktor på arrangementa, dette vere seg med eller utan ski, har ført til trykk mot '8 i vedtektene til lauget.



Frå stafetten under VM på ski i Trondheim '97. Førstereistur for fana. Foto E. Velbe)



Framoverlimbo med ski utan musikk og god leikånd. Her er Gerd Sunde i aksjon.

Det har vore tider der styret har sett seg nøydde til å avgrense iveren etter å sanke nye medlemmer. Det måtte tidleg presiserast at vennskap og/eller kjennskap ikkje er nok for elles godkjende «utabygdingar» (ikkje jølstringar). Det lyt vere sterkare kjensler/binningar inne i biletet..

Mars-turen til Hemsedal har vore gjennomført til høg karakter i tre år. Det fjerde året ville/måtte vi ut av landet. Vi valde Val Thorens i dei franske alpar. Heile 16 spreke heimfødingar tok det store steget og fekk ei ugløymande oppleving. Av andre aktivitetar kan nemnast natt-skitur på Trollebottsegga, påskesamling i Svidalsdalen og berrmarksamling med grilling og natt-tur på Tindfjellet.

Skjold Skileikarlag vonar på ein skikkeleg snøvinter med mjellsnø i søkk og kav. Vi oppfordrar lesarar av Jølst til å sjå vinteren lyst i møte.



Mjellsnø i søkk og kav, Val Thorens, Frankrike.



Saftstasjon ved Sotegrova under skituren Årdal - Nes.



Årsmøte '96, i Svidal grendabus.



Hemsedal '97, alle «korrekt antrukket» med gensar og det då nye hovudplagg «kvetel».

Anders Viken

Av Sverre J. Befring

Året 1998 er ofte kalla Viken-året. Grunnen til dette er at det heilt sidan året tok til har det vore arbeidd med planer om 100-års-minnet for Anders Viken sin fødsel – verdig for meisterspelemannen, komponisten, læraren og mennesket Anders Viken, men også verdig for dei mange, mange som går vidare i fotefara hans.

Fødselsdagen til Anders Viken var 6. juli 1898. Faren, Ola var og ein kjend spelemann, gift med Ågote Andersdotter Viken. Anders synte tidleg særskilde musikalske evner og lærde tidleg i barndomen å spele fele.

Han ville gjerne bli muskar, men faren avlo dette, så det vart folkehøgskule på Voss. Der-etter gjekk han lærarskulen i Volda. Men han fekk eit sers nyttig 8 dagars kurs med Gabriel Reed i Breim. Der fekk han både notekunnskap og lynkurs i felespel som han arbeidde vidare med i sine fristunder.

Anders gifte seg med Rakel Bolset 1919. Etter lærarskulen busette han seg med familien i foreldra sin heim på Vikaøygarden ved Skei.

Fast lærararbeid var vanskeleg å få på den tida. Det vart desto meir tid til å dyrke musikkinteressene.

Som lærarvikar i den vesle Heggheim krins i Stardalen, fekk Stardalen mannskor nytte av hans musikalske evner då han dirgerte dette koret i 8 år, frå 1937. I denne bolken hadde koret ei rik tid og fekk lært ei mengd med mannskorsongar, – stemningsfulle klassikarar og mektige nasjonalsongar som har levd i koret i 50-60 år. Men, liksom i mange av sine eigne kom-



posisjonar, hadde han óg sans for dei meir innfløkte, større arrangement som ein arbeidde med i dei lange etterjulsvintrane.

I læraryrket var han alltid knytt til Jølster. Han hadde fast post i Viken skule frå 1930 til han slutta i 1960. Som lærar var han og knytt til Helgheim måldyrkingslag og var aktiv i dette arbeidet. Han var også vikar i lærarpost i Årdal krins.

Då han fekk overrekt kongens sin gullmedalje, var det mest på grunn av hans store evner som musikalsk utøvar og hans mange hundretals komposisjonar, men og for si lange lærargjerning. Han heldt mange konsertar i heimbygda på fleire stader. Såleis har eg friskt i minnet då han og sonen Arne heldt konsert i lag i grendahuset Haugtun, truleg i slutten av 1940-åra. Men det mest vanlege var å lytte til musikkens hans når han hadde sine musikkinnslag på møte, festar og stemne.

Inga tilskiping var for liten for Anders Viken til å ta del i.

Honorar var han ikkje bortskjemd med her i bygda. Kanskje fekk han litt for skyss i blandt, og av og til ei lita påskjøning i tillegg. Men sykelen som han oftast brukte, kravde ikkje sers store skyssgodtgjersla. Jølstringane var der i mot bortskjemde med gode programslag så lenge Viken var aktiv som felespelar.

Det fall oss difor tungt for bringa då det for alvor gjekk opp for oss at bogehanda tok til å svikte, og han ikkje lenger klarte spele igjennom eit heilt musikkstykke utan å stogge. Det kom tydeleg til syne på festen som Sunnfjord Ungdomslag skipa til i Samfunns- huset på Skei til heider for

1898 - ANDERS VIKEN - 1998



DANSAR FRÅ JØLSTER 11 slåttar av Anders Viken

Jølstra-brura, Huldre-sølv brureslått,
Dullen reinlender, *På leikarvollen* vals,
Felegalopp, Smøygen polka,
Jomsborg-guten masurka,
Spøkefuglen reinlender, *Brulandsvals*,
Gubben masurka, *Trimulanten* masurka

Anders Viken i 1973. I samspel med dottera Alvhild og sonen Arne klarte ikkje heidersgjesten å gjennomføre JØLSTRABRURA til endes, men måtte gje opp. Dette gjorde eit sterkt inntrykk på oss alle.

På same tid gav det oss eit varsel om at ingen av oss, utan omsyn til låg eller høg, er for gode til å bli sparde for den strenge alderdomen. Då må vi alle innsjå at det gode livet er omme. Også meisterspelemannen måtte innsjå det. Anders Viken levde 3-4 år etter dette og heldt fram med å komponere melodiar og slåttar. Han døydde 16 mars 1977, 79 år gammal.

100-års-høgtida jonsokaftan ved Skeibukta samla store folkemengder som flokka seg rundt bautaen.

Det strålende fine jonsokveret gjorde også sitt til at dette vart ei fin minnehøgtid. Minnesteinen vart avduka av ordførar Gerd Dvergsdal med Viken sine etterkomarar som næraste vitne og med jonsokbålet i bakgrunnen. Bysta er av Olav Dag Viken.

Anders Viken har sett tydelege spor i folkesjela åt jølstringane. Alle som er glade i musikk, vil minnst han med stor vørndnad, respekt og takk. En nolevande stor kunstnar i Jølster uttala no nyleg at «som tonelyrikar var Anders Viken større enn Ole Bull».

Sterke ord, som vi ikkje skal rekne med at absolutt alle er heilt samde i. Men STOR var han.



Ordet og steinen i vegen

Fyrste møte med ordet.

Av Fridtjof Urdal

*Det var Snorre med pil regn på framsida.
Inn i eit gulmåla kammers
steig brynjeledd menn og rådkloke kvinner.
Håkon og Harald
Olav og Hårek
Ragnbild og Åsta
Og kongen let blåsa i lurane
Han sprang utanbords på
årane.*

*Så kom Islendingar soger
Til tings rir Njål og Gunnar
Bergtora og Unn
Gisle og Egil.
Dei sprang si eiga høgð i full bærbunad
Dei kasta spjut med bae hendene.
Aldrig såg eg vel lia så fager*

*Leseboka var eit vonbrot
Tut tut seier bilen.*

Kven iddest vel læra seg lesa slikt toskeskap: Tut tut seier bilen. Ein hadde lært andre og saftigare saker å kjenne. Jammen skjøna du noko av det som du høyrde? Den gong bere høyrde ein. Den gong, før ein hadde vunne skrift og lesekunsten i eige. Då såg ein. Då såg ein på eit anna vis. Dei kan sanneleg spørje. Om ein skjøna? Nei, kvifor skulle ein skjøne.

Det var der likevel. Var der i orda. Kva har det å seie om ein skjøna det. Det var veldige hendingar. Det klang i atgeiren og ordet flaug frå munnen så kvast som sverdet beit. Kor skulle det gå med oss om vi bere fekk det vi skjønar. Kor mykje skjøna vi av vanleg daglegtale når det kjem til stykkje. Til og med folk som har levd og arbeid i hop i årevis skjøna ikkje kvarandre. Forstår ikkje kva den andre seier. Det var ikkje det eg meinte. Nei, men det var no det du sa. Nei der var det ikkje. Så kan dei høyre og skjøna kvarandre, utan ord.

Språket er noko meir en berre attkjenning av ord. Attkjenning er viktig. Men det er ikkje nok. Det å leggja bokstavar rett i hop er ikkje det same som å kunne lesa. Mange trur visst det. Dei trur at målet skal vere liksom ein oljegrusa veg. Jamn flat og med slake svingar så ein kan halda høg fart. Det er dei som meiner at vegen skal vere slik, slett og lett å fara. Alt skal

vere enkelt, ein skal ikkje bruka ord som ein trur at folk ikkje skjønar. Visst skal ein det. Ein skal kasta steinar ut i vegen. Så folk må setja ned farten. Ein skal vege laus stykkje av faste berget, så dei vegfarande må stogga opp. Ord skal ikkje vere til å forstå med ein gong, ikkje alle ord.

Vi treng ord som er store, mystiske og tunge. Dei uskjøneleg orda skal liggje der som store steinar som ein lyt gå rundt eller lyfta til sides for å koma fram. Ein skal slå på dei å få fram klang. Ripa og hogga i dei. Ord som skal leggjast i la og rekkje slik at det vert ny veg.

Når vi treffer ord vi ikkje kjenner i eit framandt mål ja så er det sjølvsagt at vi tek fram ordboka og finn tyding og opphav, og vi har såleis vunne oss ei ny eige. I dag har eg skjøna eit nytt ord. Men er det eit ord frå vårt eige mål vi ikkje skjønar, så vert vi arge på den som skreiv eller bruka det. Kunne ikkje han eller ho skriva slik at alle skjøna? Nei det skal dei så vist ikkje gjera. Det er vi som skal gå i ordboka og leita slik at vi kan finne, skjøna og bruka det.

Den er heldig som får det han ikkje skjønar for det er det einaste ein kan få forstand av.

Eg kjenner eit visleg menneske som sa det slik: Når eg les eller høyrer noko så er det som å sjå ut over ei speglende vassflate. Auga eller synet ser ikkje kva som er under. Det er bere gråe eller spegling. Det kan vere vakkert og eg er nøgd med det. Om eg høyrer nokon tale på eit framandt mål eg ikkje skjønar, så er det sjølve lyden eller sorlet eg tykkjer er vakkert. Det ligg utanfor forståing. Eg kan ikkje nå i det eller trengje gjennom det. Men etter kvart som eg lærer, så er det som ein vinn høgð. Alle veit kor det er å sjå gjennom vatn ovanfrå. Då kan ein sjå til botnar. Slik kan det vere å møte ein tekst og.

Ein tek han i mot fordi at han er vakker eller spanande, men å skjøna han kan taka tid- og kunnskap til eigen vokster. Alle kan gå med Njål på lovberget, men dei færaste kjenner alle lovorda.

Frå hugnadleg tidartrøyt til herre i eige hus

Eikås Ungdomslag 1903 - 1956

Tekst: Jostein Skår og Merete Støfring Skår

I samband med studiarbeid i lokalhistorie i Eikås Ungdomslag vinteren 1998 vart det skrivi eit hefte, som tek føre seg historia til Eikås Ungdomslag frå starten i 1903 og fram til og med 1956, som var første året ungdomslaget hadde aktivitetane sine i eige hus.

I denne artikkelen vil vi prøve å gje eit lite glimt av lagshistoria til Eikås Ungdomslag. Eit lite glimt inn i ei tid som kan verke fjern, men som samstundes er oss nær. Materialet er henta frå lagsavisa Framsyn og frå årsmeldingar og avisutklipp. Lagsavisene er ei fargerik og underhaldande kjelde, som vi vil oppmode fleire om å leite fram frå kjellar og loft. Avisene utgjer ein del av vår historie som er verd å ta vare på. På Eikås har vi samla inn alle lagsavisene og lagt dei trygt i arkivet på biblioteket på Skei. Vi vil oppmode andre om å gjere det same.

Starten

Eikås ungdomslag vart skipa i 1903. Etter det ein har funne ut, hadde ikkje laget sett seg særlege oppgåver å arbeide for i starten. Føremålet var truleg å samle ungdomane søndagskveldane til hugnadleg tidartrøyt. Kanskje var føremålet å vekke interessa for noko som er betre enn å fare etter vegane søndagskveldane? Det skulle ikkje gå mange år før både målsak, fråhaldssak, forsvarssak, demokrati og diskusjonar var svært viktig for arbeidet. Den frilynde ungdomslagsrørsla bygde på ideane til den grundtvigianske folkehøgskulen, og målet for ungdomsarbeidet var den same som for folkehøgskulen: Dei skulle vekke bondeungdomen til eit vidare syn, samfunnsmessig, kulturelt og politisk. Arbeidet i laga skulle tuftast på norsk grunn. Det nasjonale var sterkt markert i ungdomslagsrørsla.

Aktivitetar i laget

Den aktiviteten som Eikås Ungdomslag hadde mest av i perioden fram til 1934 var vanlege medlemsmøte. Desse føregjekk som regel på søndagskveldane kvar fjortande dag frå kring midten av oktober og ut mai månad. Ungdomslaget såg det som ei viktig oppgåve å vere ein stad der ungdomen i grenda kunne lære noko nytt, og der dei kunne lære seg å snakke og

argumentere for ei god sak. Gjennom ordskifte lærde ungdomane å bruke eit godt mål, og å vere korte og greie. Dei lærde seg å vere høviske mot kvarandre, sjølv om dei var usamde. Det var viktig å bruke det "levande ordet" slik at ein kunne verte i stand til å kunne stå fram og seie sine meiningar også seinare i livet. For å illustrere kva dei vanlege møta inneheldt, siterer vi frå protokollen 1926:

"Eikås ungdomslag hadde møte søndag 31. januar. Møte tok til med songen: Yr til arbeid og til strid. Formannen heldt ei lita innleiingstale og heldt fram at skulde laget hava framgang måtte kvar lagslem syna sin interesse. Framsyn vart so oplesa av Håkon Østenstad. So vart det sunge: Høyr dei heimlege tonarne. Sidan var det leik"

Nokon programpostar går att på møta. Nytt nummer av lagsavisa Framsyn var klart til nesten alle dei vanlege møta, og vart også opplesen på festar i laget. I utgangspunktet skulle alle medlemene få vere med på å fylle Framsyn med stoff, men i mange høve var det den valde redaktøren som måtte stå for alle skrivinga. Bladstyraren vert omtala i følgjande innlegg i Framsyn i 1910:

"Avisa utan bladstyrar gaar det an? Nei sjølsagt det gaar ikkje. Det fyste vi neste møte tek fyre oss er aa velja ein bladstyrar som kan vere mann for sitt embete. Han skal vera ansvarleg baade for stykkji og for at me fær avisa upplesti til den bestemte tid". I Eikås ungdomslag vart avisa flittig nytta i starten for så å sovne mest heilt inn utover på 1950-talet. Ikkje få innlegg i avisa handlar om medlemene si manglande vilje til å syte for stoff til Framsyn. Ein finn både debattinnlegg, dikt, forteljingar og skrøner i avisa.

Målsaka

Kampen for det norske målet prega mykje av arbeidet i laget før krigen. Etter oppmoding frå formannen fekk laget i stand kveldsskule i 1907 og 1908 der læraren i krinsen, J.O Rognebakke, lærte ungdomane å skrive landsmål. I 1907 betalte dei som deltok 1 krone kvar til lærarløn. Ungdomslaget sytte for oppvarming av skulehuset. Kring 15 ungdomar deltok på kveldsskulen. Den 12. april, 1908 vart det vedteke at lagsavisa "Ungdomshaabet" skulle skifte namn til Framsyn. Også dette som eit ledd i å framheve det

norske målet. I avisa Framsyn har det stått mange innlegg om målsaka. Framsyn 1917: *"Nokor kryping for riksmålsmennene skulde maalfolket halde seg for god til. Ein skal rette seg upp og vise deim reint flag. Det beste arbeid faar maalreisingi er aa spreida maalblad kringum i heimane."* I fleire år gjekk lagsmedlemer rundt og oppmoda folk om å tinge målblada Norsk Barneblad og Unglyden. Fleire år støtta laget tinging av desse blada økonomisk. Elles var laget med på å spreie det norske målet gjennom boksamlinga, der ein la vinn på å kjøpe inn bøker på landsmål.

Fråhaldssaka

Ei anna viktig sak for dei fleste lagsmedlemene var fråhaldssaka. Eit samstemt medlemsmøte vedtok i februar i 1921 å løyve 50 kroner til den nystarta losjen i grenda. Det vitnar om at medlemene såg saka som svært viktig. Den 17. Mai i 1917 gjer ein lagsmedlem seg følgjande tankar om avhaldssaka i Framsyn: *"Vi kan til dømes tenkja oss ein unge gut som benyttar fritidi si til aa sittja i drikkelag og der øydelegg han alt det so han hev arbeidt for, til slutt so øydelegg han baade sjæl og lekam, og han vert tilslutt samfunde og dei andre til møt, i staden for at han skulde verte eit lukkelegt og godt menneske."*

Skogplanting

Eikås ungdomslag hadde fleire år ein eigen dag der dei planta ut skog. Ungdomslagsleiarane meinte at dersom den norske bonden nytta fullt ut alle ressursane som låg i den norske jorda, ville det auke vel-

standen til den einskilde, og det ville samstundes tene den nasjonale atterreisinga. Etterkvart syntet det seg at deltakinga på desse plantedagane vart lita, og i 1922 kan vi lese følgjande i protokollen: *"So var der framlegg om ein skulde vera med på skogplanting, daa det norske skogselskap hadde sett op premiar. Men ein kom til det resultat at det var ikkje noke hjelp aa prøva, daa det plar vera berre ein to-tre som møter opp på plantedagen."* Skogreisinga tok likevel ikkje slutt som lagsaktivitet med dette. I 1926 deltok ungdomslaget på ein felles planteday med dei andre ungdomslaga i Jølster kommune sitt plantefelt. Ordføraren sytte for fri bilskyss fram og attende. Etter plantinga var det fri fest i ungdomshuset på Hegranes med mat og dans.

Krav til gutar og jenter

Tema som ofte gjekk att i diskusjonane på møta var tilhøvet mellom gutar og jenter, moral og bruk av fritida. I februar 1920 var det ordskifte på eit medlemsmøte med temaet: *"Kva krav stiller ein gut og ei jente ved truloving?"* Ei jente og ein gut hadde første innlegg. Sidan vart det opna for diskusjon. Jentene kravde av guten at han skulde vere avhaldsmann. Han måtte ikkje bruke tobakk og ikkje måtte han banne. Han måtte ha gått eit par skular, måtte ikkje vere nokon treneneve, men vere hendig og flink, slik at han kunne vøle og setje i stand der det var trong for det. Han måtte fylla ein manns rom og så måtte han ha godt herredømme over kroppen sin, til dømes gå pent. Frå gutane vart det nemnt at jenta ikkje måtte ha hug til å sladre, men heller vere interessert i politikk. Så måtte ho ha gått eit par skular, og ho måtte



Lærer Eirik Hjelmbrække (t.h.) var ei stor drivkraft i ungdomslagsarbeidet på 1920-talet og fram til krigen. Ungdomslaget dreiv med skogplanting i tida før 1930, men aktiviteten ebba ut då interessa vart lita. På 1950-talet hadde skulane plantedagar. Biletet er frå kring 1955, og det er ein skuleklasse frå Eikås skule som har planteday. Oftast var det ein gut og ei jente på lag. Guten lagde hol til planten, og jenta putta planten i bolet. På biletet ser vi gutane i fremste rekkje med plantespettet. F.v. ?, Kåre Aasen, Ottar Østenstad, Egil Støfring, Jon Svidal, Kjell Kvammen og Atle Bergset. Bak f.v.: Kjellrun Egge, Aud Hjelmbrække, Ragnbild Løken, Norbjørg Hjelmbrække, Johanna Årset, Dagvor Bergset, Mary Eikås, Elsa Eikås og Henny Eikås. (Foto: Nils Aasen)

minst kunne sy sine eigen klede. Ho måtte også vere flink til å lage mat og ha evne til å kunne styre eit hus.

Festar

Ved sidan av dei vanlege møta arrangerte også ungdomslaget ulike festar. Dei mest vanlege var 17.mai/juletre/årsfest og korgefestar. Dei første åra vart 17.mai skipa til i ulike delar av bygda, men etterkvart skulle skulehuset verte fast tilhaldsstad. Eit typisk opplegg for ein 17. maifest finn vi i protokollen frå 17.mai 1920. *"Folket var samla i 3-tidi, gjekk so i prosesjon til Eikaasmyrane og attende til skulehuset. Skulestova var vent pryda til fest. Lærar Hjellbrekke heldt fyrst foredrag. So var det premietevling - potetplukking for gjentorne og hopping for gutarne. Deretter var det matykt. Etter at folket hadde fått kaffi og mat, vart spelstykket "Ikkje vaksen" framsynt. Det vart også valt utsendingar til Sunnfjord Ungdomslag sitt aarsstemna. Etter at festen var slutt inne i skulehuset, var det folkeviseleik ute".*

Korgefestane var ei form for basar. Nokon hadde med seg korgar med mat som vart auksjonerte vekk. Oftast var det jentene som hadde med korgar med mat, og gutane som baud på maten. I 1919 finn vi følgjande innlegg i Framsyn: *"Alle interesserte bugsar korgefesten og leiken vi hadde trettandafta, og eg trur alle maa minnast den med søte minne og gjeva gjentorne æra og os vancera. Det var ikkje fritt for eg vart lit slau daa eg sette meg at med jenta og skulle njuta det so i korgji var for der var slike varer at eg skjemdes aa eta naar eg tenkte paa kor stakkarsleg det var aa ikkje kunne faa ei slik korg opp i meir pengar".*

Korgefestane skulle skaffe inntekt til lagskassen, og nokre gonger var inntekta øyremerkt eit spesielt føremål. Både målsaka og blindesaka fekk fleire gonger løyvd midlar. På korgefestane var det elles både opplesing, song og gjerne litt folkeviseleik til slutt.

Dans og folkeviseleik

Det var ikkje pardansen og runddansen, men folkeviseleiken og leikarringar som skulle realisere og marknadsføre Noregs ungdomslag sitt nasjonale program på dansegolv. I Eikås ungdomslag hadde folkeviseleiken sin faste plass ved slutten av møte og på festar. Ikkje alle var like nøgde med måten leiken vart framført på. I Framsyn i 1919 kan vi lese følgjande: *"Denne folkeviseleiken som vart framført paa festen var der noksaa daarleg fraa seg gjort. Kann vi ikkje prestere noko betre so trur eg det er betre og la det vere. Kva leik angaar so stende vi jølstringar langt att um andre folk og det er ikkje vidare. Lat oss byrja aa øva oss betre med folkeviseleik."* Det var trong for opplæring, og i 1928 var Klara Semb leiar for eit felles leikarkurs for ungdomslaga i Sandal, Svidal, Gjesdal og Eikås. Når ein les protokollane frå laget, får ein inntrykk av

at det aldri vart skipa til dans. Berre folkeviseleik i tilknytning til møte og festar. Det er ikkje riktig. I Einehogløa og i huset til Flugekvamane i Svingen vart det skipa til dans, men etterkvart vart det ikkje den store stasen med dansen i Einehogløa, og i huset til Flugekvamane var det trangt om plassen. Trongen for eit eige hus vaks seg stor, då det var tungvindt å drive på "andre sin nåde".

Filmframsyning

Eit av dei mest populære tiltaka var filmframsyningane. Ein skodespelar med namnet Rasmus Breistein vitja laget fleire år. Første gongen var i 1921, då han hadde foredrag om Kristoffer Janson og synte filmen Fante-Anna. To år seinare heldt han foredrag om Bjørnstjerne Bjørnson og synte filmen om Synnøve Solbakken. Breistein var reisesekretær i Noregs ungdomslag og han vitja Eikås ungdomslag omlag kvart andre år. Filmframsyningane vart eit høgdepunkt i lagslivet i heile mellomkrigstida. I 1948 vart Norsk Bygdekino A/S grunnlagt for å drive ambulerande filmframsyning på stadar utan fast kino. Det var berre juletefesten og 17.mai festen som kunne måle seg med filmframsyningane i publikumstal.

Skodespel

Spelstykke eller skodespel var mykje nytta til underhaldning på festar og møte. Noregs ungdomslag sentralt gjorde eit målmedvite arbeid for å auke tilgangen på brukbare stykke. Ein eigen serie med tittelen "skodespel i ungdomslaga" vart gjeven ut. Eikås ungdomslag gjorde seg nytte av denne serien med skodespel. Gjennom spelstykkane kasta dei lys over kvar dagslivet og skaffa bygdefolket naudsynt underhaldning.

Når ungdomslaget skulle syne fram eit spelstykke i skulehuset, vart eit vindaug nytta som inngang til scena. Før ein kunne komme inn vindaug, måtte ein klatre opp ein stige, så då var det om å gjere at dei som var på veg ut av stykket ikkje stengde for dei skulle opp stigen og inn i sine roller på scena. Scene-teppet var teppe og pledd, hengd opp i hesjstreng som var strekt tvers over klasserommet.

Draumen om eige hus

Fram til eige hus stod ferdig ved årsskiftet 1955/56 hadde ungdomslaget møta sine i Eikås skulehus. Skulehuset stod i Øyna fram til 1909, då det vart flytt til tomta rett ved sidan av hovudvegen. Skulehussvingen er vel eit velkjent namn for alle. I dag er det berre utedoen som står att.

Eikås ungdomslag har emna på ungdomshus like sidan 1925 og etter mange diskusjonar og vonbrot kunne arbeidet med eige hus ta til. Laget kunne ikkje makte å reise eit slikt hus utan at krinsen stod bak. Det var også delte meiningar om kven som skulle ha

Ungdomshuset var kjærkome, og vart den første tida nytta til mange brudlaup. Gamlekjøkkenet i 1956. Kokkane i framgrunnen: f.v. Petra Moland og Anna Årseth. Bak f.v.: Signy Øvrebø, Jenny Bergset og Kristina Kvammen.



rådvelde over huset når det var ferdig. Dei fleste var likevel samde om at ungdomslaget skulle stå som byggherre og eigar.

Skogeigarane gav skog på rot, eller framdrive tømmer. Ungdomslaget organiserte framdrifta der det vart gjeve skog på rot. Arbeidet gjekk med liv og lyst. Det var blide fjes på karane der dei reid på dei vaglaste stokkane utfor bakkane, og tenkte sitt. Skogen var gamal og kvistfull, so det var ikkje grunnlaust at ein av køyrekarane kom med framlegg om at huset måtte heite "Kvisthalla". Eit råkande namn, og så rima det på Gjesthalla.

Tomta vart utgreven med bulldosar, og ein bulldosar var ikkje kvardagssyn på Eikås. Ein utkroopen kar

kom på at her skal ingen stå og glo gratis, så han tok inngangspengar. På den måten fekk dei dekkja inn mykje av det som køyraren skulle ha. Transporten til og frå sagbruk og høvleri var for det meste gratisarbeid. Heile grenda deltok i dugnadsarbeidet, og målet var å få ferdig huset til jul i 1955. I slutfasen kom jentene med. I tillegg til julestria heime, var dei i fullt arbeid i ungdomshuset. Der skulle verte kosta og vaska. Det skulle syast og hengjast opp gardin, og ikkje minst skulle sceneteppet monterast. Målet vart nådd og 5.juledag var alt klart til opningsfesten. Eikås ungdomslag var blitt "herre i eige hus".



Kransen er på plass på Eikås Ungdomshus. Draumen om eige bus er i ferd med å verte røyndom.

Prolog til 70-års høgtida for Eikås Ungdomslag

Skriven av Anna Østenstad

Framsynt ungdom med tru og von,
Skipa eit ungdomslag.
Trass vekslande vokster og stagnasjon,
det liver den dag i dag.
Tvo heile mannsaldrar har runne,
det livsnæring allstødt har funne.
Tilhøva var vel i 1903,
her, slik som andre stader.
Det var'kje for ungdomen slik som no,
med tilbod i rekke og rader.
Som her, i ei jordbruksbygd å kalle,
var slitet det visse, og sams for alle
Dei kan just ikkje med bil og fly
og radio det vi veit.
Dei hadde ikkje TV og Erik Bye,
og slett ikkje Heradstveit.
Dei bar'kje kassetar, med hulk og brøl.
Nei vilde dei høyra song,
så fekk dei versagod trall'an sjølv
og såleis få stetta sin trong.
Det var ikkje slik som i våre dagar,
at kosen var innspelt og ferdiglaga.
Nei, dei hadde samling og kyrkjegang,
i vyrdnad for «Ordet» dei kom.
Så frette dei nyheit på kyrkjevang,
og slikt som folk tala om.

Då almuevennen bar nytt over landet,
og bladet gjekk rundt frå granne til granne.
Med bladet dei nye tankane kom,
som fengde i grønæm grunn.
Folkehøgskulen si ånd og meining
rudde seg rom, og skipa ei eining.

Ungdomar skifta og åra kvarv,
men hendinga i 1905,
gav vidare syn på vår fedre-arv,
så alt gjekk bra med fynd og klem,
dei dreiv med planting, med målstrev og slikt,
som høver eit Ungdomslag,
med hyggestunder, med prosa og dikt,
og med leikar av ymse slag.
Men det som skapte det store suset,
var skodespelkvelden i skulehuset.

Der sceneinngongen var stige og glas,
der gjekk dei inn, der gjekk dei ut,
og sceneteppet var mykje til stas,
med kvitel og åkla og storeklut.
Stova var fullsett, og trengselen stor,
her gjaldt å få sitja ned,
dei glytte frå dører, og stol og bord,
og keik over herd og led.
Folk vagla seg best dei kunde
og greidde seg nokonlunde.
På scena stod amatørane klar,
etter øving i vekevis.
Med sveitte hender, og magen rar,
dei spela til «oskars» pris.

Dei tantra og tukta på taus og make,
dei spela så låtten stod høgt i taket.
(No tenkjer eg gjerne dei måtte ve korka
som strevde slik, nei tenk at dei orka.)
Ja, det var aktiv ungdom med pågangsmod,
og arbeidt med slike ting,
det skapte eit samhald, ei kjensle god,
mest som ein syskenring,
Sams innsats for sams sak,
gav optimismen og ryggen rak.

Så helsar vi jubilanten,
til lukke med dag og år!
Og ber fram det vanlege ynskje,
om gode og ljose kår.
Ver og for ettertida, den friske idealist,
som ikkje har tenkt å verta
ein aldrande pensjonist!
For ungdom i store flokkar
treng vern i mot mangt som lokkar.
Her gjeld det og syna mål og leid,
som høver for oss her nord.
Her er så mykje å rette på,
så mykje å strida for.

(Eikås Ungdomslag feira 70 år i 1973.)

Bondestudenten

Knut K Øygard

*Trøytt på foten, lett i bugen
går eg mitt i folkemugen
utan bøyrsle, utan syn
som eit skrymsle midt i by'n.*

*Frakken min er lurvesliten,
batten min er visst forliten,
men han sleng no med so-vidt
om han sit på skeive litt.*

*Buksa har eit bol på kneet
— trøya eit for albogeleidet,
men det kan no ingen sjå
når eg støtt bar frakken på.*

*Skorne mine er so suære
til å gape etter veret,
men når berre sokken held
er det ingen fåre lell.*

*Ak, men det er det fatale:
tærne er so radikale.
Stødt so ligg dei der på lur
etter fridom og kultur.*

*Og so braut dei gjennom sokken
frami skoene belle flokken.
Men når berre skoene held,
er det ingen fåre lell.*

*Bak på buksa vantar knappar
so det er 'kje fritt bo slakkar
av ein grand i livsens strid
denne gamle buksa mi.*

*No eg går'kje ber og twikar
men set i ein tretoms spikar,
for det kan no ingen sjå
når eg støtt bar frakken på.*

*Når eg svelt so får eg nøre
middagsmat for femti øre,
men det munar ikkje stort,
for eg svelt alt like fort.*

*Og so gjeng eg belle dagen,
pengelaus og tom i magen,
men det kan no ingen sjå,
når eg støtt bar frakken på.*

*Ja, eg suiv på byenes gater,
fattig, sliten som ein tatar.
Møter eg ei jomfru fin,
set ho berre opp eit grin.*

*Men kva gjer no det i grunnen
om dei rengjer skeivt med munnen?
Oppi dalen kjenner eg
ei som ikkje spottar meg.*

*Ho er ei so høg i nakken,
for ho veit i slitne frakken
bur ei sjel som betre er,
og mi sjel den bar ho kjær.*

*Difor er eg vel til mote
og i grunn ein livsglad pote,
men det kan no ingen sjå
når eg støtt bar frakken på.*

Harde presteord 1831

Etter eit notat frå kommunchuset i Jølster for nokre år sidan brukte prosten Rennord harde ord mot jølstringar og breimingar i ei visitas-melding frå 1831. Bygdefolket var imot utvida skulegang for borna.

Grunnen var visseleg at foreldra meinte dei hadde betre bruk for borna til gards- og husearbeidet, at dei alto so tenkte meir på seg sjølve enn på borna sine. Prosten skreiv mellom anna:

«Lærerne i Jølster er bra, og sokneprest Christen Daac vilde på et annet sted og blandt andre folk paaskjønnes med mere taknemmelig-het, men dette folk er ikke som andre o.s.b. Han manglet den fornødne kraft og klogskap til at virke paa pluraliteten (fleirtalet) av skolekommisjonen». Rennord la vidare her skulda for motstandet mot skulen på stardølingane: «Den mæktigste del av jølstringene er den som

bor i den indre del eller Helgheim sogn. Denne del, og fornemmelig de saakaldte stardølinger står i et mangesidig forhold til Gloppen almue og fornemmelig med de nærmest tilgrensende breiminger.

Dette folk - breimingene - er bekjent for at have vært det mest fordervede folk både i Nordfjord og Søndfjord. I Breim og Gloppen var det på den gamle fod med skolevesenet, og i skolekommisjonen svarede altid jølstringerne at det som gikk an i Gloppen og Breim, gikk vel ogsaa an i Jølster. I dette var stardølingene altid ordførerne».

Vi får tru at etter 167 år er dei harde orda meir artige enn krenkjande.

*Olav J Befring
-stardøling-*



Kristnaåklê vove i skilbragdteknikk («benteåklê») i 1915.



Kolveroseåklê, også kalla Nikrossroseåklê. Over ligg eit ruteåklê, Samrose og to randåklê i fjelrøys. Alle er vovne før 1900.



Detalj av åklê. «Foten» med korsbord syner ymse randingar slik det er typisk i Jølster. Det er renner, snaretenningar (kjerringtenner) og søgnevjer, d.v.s. to trådar og så eitt innslag i to fargar.



Larkeåklê vart vovne i smett også, slik som dette i Klo-mønster. Dei to andre åklêa er velkjende frå eldre tid.



To åklær i åttebladroser. Åklæret bak er med blått i. Åklæret fremst er vove før 1868. Det vart berga or fonna på Heggheim i 1868.



Øvst på dette biletet ligg eit balut randåklær. I midten ligg eit randåklær der det mørke er farga med svorte. Bakerst ligg eit larkeåklær der den melerte botnfargen viser innblandinga av filler.



To åklær i Samrose. Det bakerste er vove på slutten av 1800-talet. Det fremste er datert 1847. Årstalet er sydd i øvste falden. Det kvitte i dette åklæret er tråd spunnen av brennesle.



Tre fjølrvøysåklær. I åklæret i midten kan det vere nytta svorte til farginga av det mørkaste garnet. Svortefarga garn blir grønaktig med tida.

Jostedalsbreen på langs

Av Sverre J Befring

I gjesteboka mi på Befringsstøylen er nedskrive eit minne frå ein tur litt utanom det vanlege.

Å gå over Jostedalsbreen frå ende til ende «på langs» er eit mykje nytta tur-tilbod for dei som er i god form og ikkje er redde for å slite. Eit slikt tur-opplegg, som må gjennomførast med breførar, vert i vår tid lagt opp med eit par overnattingar på sjølve breen. Til vanleg vert det rekna med 3 dagar på ein slik lang tur.

Til samanlikning skal den turen som her skal forteljast om, gjennomført på ein dag, der 5 av dei spre-kaste i heimegrenda gjekk frå Befring til Erdal i Stryn på ein dag, påskafta 9. april 1966. Tor Veiteberg og underteikna var ikkje med på denne krevjande turen, men hadde lova å hente dei spreke turgåarane når dei var venta til Erdal i kveldinga.

Vi kørde i kvar vår bil tidleg om morgonen for å gå turgåarane til møtes og såleis få oss ein skitur i det storfine påskeveret. Vi kørde til øvste gardeen i Erdalsdalen, Greidung og parkerte bilane der. Vi fekk ein prat med breførar Tor Greidung som rettleia oss om korleis vi skulle gå. Det gjekk enkelt og greitt opp over dalen, sjølv om partiet øvst var noko kronglete. Men vi tok oss den tid vi trengde og omsider var vi oppe på sjølve breplatået. Det var strålende sol og silkeføre. Vi gjekk i sørvestleg retning og kom fram til eit mindre dalføre eller botn som går frå foten av Lodalskåpa i sørleg retning mot Sogn.

Vi hadde no Lodalskåpa til høgre for oss, sjølvaste majesteteten i dette fjellområdet som vi frå fjelltoppane i indre Jølster kan sjå som ein mørk pyramide langt nordaust i blådisen. No følte vi det nesten som vi var ved nedre kåpekanten.

Det var imponerende å kunne sjå detaljane i dette mektige og ruvande fjellmassivet som tøyser seg til 2085 m.o.h.

Frå der vi stod, hadde vi godt utsyn over breekområdet sørvestover. På andre sida av dette trange dalføre såg vi dels blåis og sprekker. Vi rekna med at turgåarane måtte ned i denne botnen for å passere Lodalskåpa, og vi stirde og glodde for å oppdage kameratane. Vi såg ingen og kunne heller ikkje sjå skispor på andre sida av dalen. Men sola sto rett mot oss, og det kunne vere orsaka til at vi ikkje skimta skispor heller. Vi gav oss god tid og rekna med at nokon ville dukke opp.

Men nei. Ingen ting var å sjå. Heller ingen lyd å høyre.

Hadde turen vorte avbroten? Hadde dei søkt ut av breen ein annan stad? Kan hende dei hadde gått seg vill? Dei mange spørsmåla fann vi ikkje svar på. Klokka gjekk mot 17.00. Vi måtte kome oss ned att

frå breen medan det var dag. Då vi snudde fekk vi ideen å skrive i laussnøen med skistaven ved sida av skisporet: ERDAL med store bokstavar. Ikkje så lite vemodig tok vi fatt på tilbaketuren. Nedover brefallet var det strålende skiføre og metrane gjekk radig bakom oss. Ved nedre brekanten stogga vi og såg oss attende. Og då! Jau, der kom 5 skiløparar i himmelsjå rennande nedover. Vi var ikkje i tvil! Der kjem dei. Gleda var useieleg stor. Vi jubla visst begge to. Vi venta der til dei nådde oss att, for å lose dei gjennom det vanskelegaste terrenget. No vart det konstatert at då vi snudde på heimveg hadde dei hatt si siste kvild rett nedanfor der vi sto. Om vi hadde gått eit lite stykke ned mot det omtala dalføret, hadde vi heilt sikkert oppdaga dei. Men nå let vi ein av deltakarane fortelje korleis han opplevde turen:

Befringsdalen - Stryn påska 1966

Denne turen hadde vore prata mykje om. I første omgang som ein spøk kanskje? Men etter kvart vart det meir alvor av planene. Tanken var å gå denne turen i mai månad, men eitt par av deltakarane hadde då ikkje fått høve til å vere med. Av den grunn vart turen ein realitet påskafta, 9. april 1966.


Tre av oss, Nils Veiteberg, Olav Veiteberg og Kjetil Flatjord reiste opp i Befringsdalen kvelden før. På turen dit trefte vi Steinar Høyvik og Jostein Fønn, som hadde gått Åmotsdalen-Befringsdalen. Ved «Friheim» trefte vi Sverre J Befring, Arne og Idar Befring some nett skulle ta fatt på nedkøyringa. I «Olaselet» var der enno glør i omnen og glade vart vi då vi fekk lov å overnatte der.

Det var berre to køyar og etter trekking kunne spar 2 fortelje at eg skulle ligge på golvet. Eg fann litt ekstra sengetøy i eit anna sel, og kl 21,00 kraup vi i soveposane i håp om at søvnen skulle melde seg.

Men noko søvn vart det ikkje før kl 1.00 og etter den tid vakna vi med visse mellomrom, og kl 4,00 stod vi opp. Med varm kaffi på termosene og raud swix under skia la vi så ganske optimistisk i veg kl 4.40.

På Strupen stoppa vi eit par minuttar. Men vinden var kald, og dessutan byrja vi å sjå i eliteløparane: Kjartan Myklebust og Jon Lyngstad, som starta heimanfrå. Og ein ting var vi tre einige om: Di lenger vi kom før dei tok oss igjen, di betre.

Vinden var hard og kald under oppstigninga til breen. Forslag om å snu var sett fram. Men det har synt seg før at vinden gjerne tar litt ekstra i slike



Lodalskåpa.

oppstigningar, og det stemte denne gongen og. Vinden stilna, men ikkje heilt og det var i kaldaste laget på heile turen.

Dette førte til at pausane vart korte. Brus appelsiner og skiver fraus og det har aldri hendt meg på ein skitur før.

Då vi hadde gått eit stykke innover breen tok, Kjartan oss igjen. Vi venta på Jon og tok matpause. Klokka var 8.00 og vi hadde Supphellenipa rett i sør. Kjartan hadde gått til Bødalen før so han var litt kjend innover breen. Og med han i spissen la vi så i veg. I første omgang var terrenget nokså variert. Kl 11.00 nådde vi fram til breens nest høgste punkt. Vi hadde matpause til venstre for denne kulen. Jon måtte smelte vørterølet over ein boks tørrsprit.

Vi tok så fatt på ei stigning og fekk etter ei tid breens høgste punkt i sikte. Ein svak stigning låg føre oss. Vi gjekk i 2 timar i trekk før vi nådde ei høgde til venstre for høgste punktet. Her fekk vi sjå Lodalskåpa for andre gong på denne turen. Snønipa tok til å kome i vestleg retning, og vi trudde ikkje at den gjenstående delen av turen skulle ta så lang tid, men då tok vi feil.

Kl er 13.30 og ei slakk unnakøyning førte oss framover ei slette, og no fekk vi for alvor stifte kjennskap med Jostedalsbreeens uendelege vidder. Vi gjekk og gjekk. Ja, kor lenge veit eg ikkje. Men terrenget forandra seg lite. Lodalskåpa og Brenibba forsvann or

synet og det var lenge før vi såg dei igjen. Vi gjekk ein ny stigning i møte, sikkert den drygaste på heile turen. Kreftene byrja å minke og Olav hadde problem med å halde følge. Men det bar no stadig nærare målet. Då vi kom opp på høgda mellom Lodalskåpa og Brenebba, gjekk vi litt for langt austover, og måtte ta oss tilbake. Ein halv time tok denne ekstraturen.

Så fylgde ei veldig fin unnakøyning over Lodalsbreen. Siste del av denne «Småttene» var nokså stygt. Vi såg blå bre og opne sprekker fleire plassar.

Så tok vi fatt på siste stigningen. Og om det ikkje var den lengste så var det den hardaste sidan vi kom på breen.

Og nå tok det for alvor til å røyne på. Om ikkje likt for alle, så var det eit strev å ta seg opp dei siste meterane.

På høgda gjekk det skispor i fleire retningar, og vi var litt i tvil om kor vi skulle gå. Men etter ei stund fann vi «Erdal» skrive i snøen med store bokstavar. Då hadde Tor Veiteberg og Sverre J Befring, som skulle hente oss på Greidung vore her. Vi fatta nytt mot.

Turen ned frå breen gjekk i litt vanskeleg terreng og isete løyper. Kl 18.30 var dei første framme ved Greidung og ein 14 timars tur var til ende.

På Ricards Kro i Loen kjøpte vi speilegg og kaffi. Det smakte godt. Fantasituren var gjennomført.

Olav Veiteberg

På vitjing hjå bureisarane ved Orkja ein vintersdag

Av O. Nordeide

Det var ein dag i mars. Skodda strauk tung og våt langs Hafstadlia. Det regna og bles. Vasspyttane i asfalten rann fulle på ny i same augneblinken som ein bil hadde tømt innhaldet oppetter leggane til folk som småsprang for å kome under tak. «Huff for eit grisever!» sa dei, og riste seg når dei kom innom døra på butikken. Dei var alle glade over at apoteket var i nærleiken så ein kunne få hostemikstur dersom forkjølelsen melde seg. Ja, var det ikkje så at det svei i halsen? Hm, så kom nysen og apotekaren fekk skillingen og det bar lukst til sengs for folk flest, jamvel om det var arbeidsdag.

Ein slik ruskeversdag fekk eg det hugskotet at det kunne vere forvitneleg å sjå korleis folket som bur attanfor Orkja i Jølster berga livet.

Frå Førde til Dvergsdal er det 42 km, og frå Dvergsdalen og opp til Dvergsdalsdalen 4 km.

Å sjå ein fjellgard i sommartida i strålende sol kan vere eit så fagert syn at ein kan bryta ut i ovundring: «Å, kor gildt det må vere å bu her.»

Men kanskje det vart ei anna meining ein slik dag som denne?

Eg rekna med at det vart snø, til og med djup snø, der oppe i Dvergsdalsdalen, så eg hadde ski med då eg entra den kombinerte lastebilen til Johannes Dvergsdal.

Det var fullt av folk og varer i bilen og i tilhengaren stod mjølkespanna på geled. Det var dryg last tilsaman og motoren fekk det varmt. Og han heta dørken i den grad det var i varmaste laget for oss som sat på og.

Motoren dura og kjølevatnet koka og koka så bilkarane laut i elvagrovane etter kaldt vatn rett som det var. Regnet dreiv mot frontglaset og på vegane låg innsjøane breide.

«Kvar skal den karen frå Firda i slikt eit ver?»

«Eg skal på ski i Dvergsdalsdalen?»

«Det er sant,» sa eg.

«Å kom ikkje med aprilskrøne i mars.»

«Aprilskrøne,» sa eg. «Det bur då folk heroppe, og dei er vel ikkje avstengde frå omverda vel.»

«Å, det er vel ikkje langt frå sanninga det,» vart det sagt. Og han Erik som skulle på måldyrkingsmøte ymta med ein lur smil i andletet at eg trong visst ikkje tenkje på nokon skitur i Dvergsdalsdalen i kveld.

Då han sjåfør Johannes endeleg hadde koka seg inn i Dvergsdalstunet var det mørkt. Vi såg berre Orkja ruve stor og mektig der oppe under den svarte himmelen. Vindkasta strauk mellom husnovene i tunet og regnet dreiv under takskjegget som små fossar.

Smågutane som krøkte seg attåt husmurane flein når dei såg at eg fingra med ski. Dette måtte vere ein underleg selle som dragsa på ski i slikt ver. Og sant å seie tok eg sjølv til å lure om det ikkje var speleg nok å ta til fjells på ski i kveld.

Det bar langt opp i lia før ein kunne skimte fjellskaret som var porten til Dvergsdalsdalen. Å kome dit opp var inga lett sak, nei.

Men så kom forsynet meg til hjelp med di ein av bureisarane, Nils Dvergsdal skulle heim. Han hadde vore ned på Vassenden og snakka med doktoren om isjiasen som hadde bunde han til sengs i fleire veker.

Doktoren meinte at Nils måtte ta det med ro, men i alle tilfelle måtte Nils kome seg heim att til stova oppe i snøheimen, og det kunne ikkje vere so beint fram for ein isjiaspasient, tenkte eg. Men Nils hadde heldigvis hest og slede, så det var ikkje slik at Nils tvilte på at det skulle lukkast å kome heim. Så vi tok på sydvest og oljeklær og sette nasa mot været. Skiene var for lengst putta inn under eit buagolv. Vi vart snart klar over at den vesle Blakken hadde vårt liv i sine hender, eller rettare sagt i sine føter. For det var føtene det spurdest om no då vi skulle køyre motlies. Denne skogs- og stølsvegen hefte så menn ikkje vekk med å lage svingar. Sjølv om ein køyrde tomreipa måtte Blakken ha tidsnok i kveld med di regnet hadde soge snøen vekk så berre blanke isen låg att i vegen. Det var berre elva som kom fossande ned eller laga groper store nok til å smette skosnyta ned i, so ein ikkje sigla nedatt fortare enn fort. Det var ei god hjelp at steingardane låg like inn til vegen, for her kunne ein klore seg fast når føtene glei undan. Det vart straks synd i meg. Blakken var ein uvanleg energisk fjording som lengta heimatt til stallen ein eller annan staden oppe i fjellet og han slo hovane i isen so det dreiv isklompar langt attover. Til slutt hørde eg berre kor Nils og Blakken romsterte langt der oppe. Men endeleg fekk Nils stogga Blakken ein stad der vegen merkeleg nok hadde ein sving. «Det vert kanskje stritt nok dette for deg,» sa han. Han såg på meg at det leita på. «Å,» sa eg, «det går bra, men du må tenkje på Blakken og isjiasen,» sa eg i von om at det kunne bli ein pust i bakken.

Nils rette meg ein togende som var festa til sleden. «Du får halde deg i toget,» sa han. «Det hjelper på.» Og dermed sette Blakken i eit ofseleg renn oppetter isen. Sleden slong frå den eine steingarden til den andre og laga hopp og bulder kvar gong det stakk ein stein opp or isen. Vi som heldt i togendane fekk jammen hive oss godt. Men vi greidde å fylgje med. Det vil

seie at Nils med isjiasen greidde det.

Eg derimot måtte sleppe togenden for pusten og hjarta heldt på å sprengja meg. Og atter hørde eg kor Blakken romsterte langt der oppe medan eg måtte bort til steingarden for å få kvild, Men eg rangla i veg smått i smått og endeleg kom vi opp om bøgarden der terrenget tok til å syne litt slakk i brattlandet.

Men nei om det var hugnadsamt å stå i ro heller. For daltrekken kom med snøslaps og kuldegufs, som gjekk til marg og bein. No kunne vi setje oss i sleden uten serleg svikferd mot vesle Blakken, som var vel van med slike stride jobbar.

Om ei tid opnar dalfører seg til flate vidder med deilder og haugar innimellom og snøen vart djupare og djupare, Vi kunne skimte einslege kronglebjørker, men lenger unna der fjellet reiste seg sto skogen tettare. Hesten dilta og småsprang og tok seg sjølvlyvves kvilestunder.

Han var nok åt og blei trøytt han og. Det var greitt at det var minst 1 meter snø. Men bureisaren hadde køyrt så ofte at det hadde laga seg ei ishelle i snøen. Steig ein ut om denne ishella sokk ein til livs. På myrane hadde væta tært så mykje på ishella at ein kunne samanlikne med ein kabel. Men Blakken klar- te å balansere langs «kabelen». Og glade var vi som sat i sleden. Det ville ikkje vere hugnadsamt å velte ut i snøsørpa. Andre stadar låg vegen i bakkar som skrå- na lukst mot elva. Eg venta gong på gong at no bar det gale i veg. Men Blakken var tapper.

Han skjøna visst at han laut gjera sitt beste so det

kunne bli nokre pene ord om han i Firda.

Eg synest det bar inn i audna og stilla etter kvart. Det var lite og inkje som minna om at det langt der inne i gråkvite dulda og einsemnda var eit sam- funn av levande menneske.

Eg kjende på meg at det ville gjere godt å få noko varmt i kroppen og det var oppmuntrande å drøyme om at ein stad der inne i snøheimen var lune stover, varme kjøkken og kvinner som stelte med mat og drikke. Og eg skyna at Nils gledde seg og. Det må vere hardbalne karar som berga levemåten for seg og sine her i fjellet. Her sat ein mann som nett hadde lege til sengs i vekevis av den uvanleg leie og smerte- fulle isjiasen utan å gje eit knytt i seg om at det nauva han noko. Det høyrer vel ikkje til her i denne harde naturen å late ille om det ikkje er noko som knip.

Framme i mørket og oppe i ein bakke skimta eg endeleg eit ørlite ljøs.

Javisst var det ljøs. Den vesle ljøsblenken såg så kravlaust ut her i denne veldige audna og viddene med snø og grovver. Men ljøset vitna no om at her var det folk. «Ja her bur han Daniel», sa Nils. So var vi altså komne fram til første heimen i bureisargrenda. Og litt lenger framme skimta eg ein skugge i mørket. Det var stovehuset til Lars Dvergsdal. Den truverdige bureisar-pioneren som fekk løa si øydelagd av vin- den. Han sjølv kviler på kyrkjegarden. Det gjorde eit djupt inntrykk å køyra framom her. Her har ein mann streva for å reisa ein heim for seg og sine, men natur- kreftene og forsynet greip inn og brigda planene.



Handgrøfting på ny jord på Løgarden ca. 1959.

Foto: Daniel H. Dvergsdal

Vi menneskekrypa veit så lite framfor oss.

So endeleg var blakken heim ved stallen sin, og Nils kom seg fram or sleden og eg var og glad over at køyreturen var slutt. Vinden plistra så det var lite hugnadsamt å stå ute at Nils kørde både hesten og sleden inn på låven og sprette frå der inne. Og no fekk eg kjensle av at her var det gard. Det anga av høy or løbrotet og det lukta kyr frå fjøsen, og der høystålet var tuska det av folk. Det var kona til Nils som måtte stella såvel både i stove som fjøs, no når mannen var borte.

Så vart det goddag og velkomsthelsing inne på eit godt og varmt kjøkken og steikt flesk, egg og kaffi. Dei tre små borna gledde seg over at far var komen heim og så undra dei seg over framandkaren.

Trøytleiken seig på, så det vart ikkje særleg mykje prating om kvelden.

Utanfor stod natta klåss inntil ruta og vi kunne høyra susen frå høg fjellet stryke forbi.

DEL 2

I min første artikkel freista eg å fortelje så realistisk som råd var dei vanskelege vegtilhøva bureisarane attom Orkja har å stri med. Eg trur nok dei fleste som las artikkelen - og dei som kjenner tilhøva av sjølvsyn - undrar seg over at nokon ville busetja seg så langt avleies frå sjølve bygda utan ordentleg veg.

Under dei samtale eg hadde med bureisarane fekk eg dette spørsmålet ein del klårlagt. Vi veit at for 20 år sidan var bureisarrørsla sterkt i vinden.

Samfunnet har stor interessse av at flest ungdomar var knytt til jordbruket og staten ytte ganske stor stønad til reising av nye bruk.

Og frå den ideelle side var det lett å lovprise dyrking av jord, særleg nydyrking.

Når ungdomen i Jølster kom opp i 20 årsalderen og tok til å tenkje på å skape seg eit levebrød var det ikkje så mange livsyrkje å velja mellom. Det kunne vere vegarbeid eller visse handverksyrkje o.l.

For bondegutane som kjende seg bundne til bondeyrket var spørsmålet ikkje så einfeltdt, med di det er lite med udyrka, men dyrkandes jord, i grendene langs Jølstravatnet. Men unggutane i Dvergsdalen hadde nok på sine turar til fjells sommar og vinter sett dei store viddene med dyrkandes jord i Dvergsdalsdalen. Vel låg desse viddene like høgt som stølskvienne og mange kilometer oppe frå heimegarden. Men gutane drøymde sikkert mang ein gong om ein heim her oppe og då bruka i Dvergsdalen fekk utskilt kvar sin teig i utmarka langs vatnet i Dvergsdalsdalen, var loddet kasta.

Ein vakker haustdag tok nokre karar til fjells med hest og plog. Ein av dei mest interreserte for å dyrka jord der oppe var Moses Dvergsdal. Men så var det også sonen, Lars, som skulle hjelpast til ein heim. Så dei arbeidde difor i lag.

Nils Dvergsdal, som eg budde hjå mi første natt i bureisarkolonien, fortalde at han alt i sine unge år, etter mange funderingar, bestemte seg for å bli bureisar her oppe. Og det var også ein haustdag han første

gong sette plogen i ei myr ved vatnet. Det var nok med andakt han såg første plogfora med svart glinsande myrjord skein i haustsola.

Den første oppløgde vollen låg vinteren over for at frosten kunne smuldre den seige jorda. Men neste vår vart det horving, gjødsling og såing av grasfrø. Og vi kan tenkje oss at det var stor spaning då det tok til å brydda små spirar. Og kort fortalt: Det vaks betre enn nokon hadde venta. Motet og vona vaks i bringa hjå bureisarane. Då det lei utpå sumaren vart første gras set seige og høyet vart søkkjande tungt; fortel Nils. Det var opplagt at det hadde kraft nok til livberging både for ku og hest. Så var det å gå igang med grøfing og meir jordbryting så vollane vart større og større. Dei første husa som kom opp var løene, men dei første vintrane var høyet køyrt heim. Det var ikkje fullt så lett å få opp bustadhusa. Det vart gjerne eit skur attåt løveggen, og dette skuret laut gjera nytte både til kjøkken og stove. Til løa fekk Nils bra tilskot, men då han bygde våningshuset i 1939 var det noko brigdekluss i reglane for tilskot, og han laut byggje stovehuset utan tilskot trass, i at gamle lensmann N.O. Øvrebø tilrådde søknaden på det beste, og understreka at bureisingsbruket låg like opp til stølshamnegangen. Materialen var kjøpt; noko i Utvik, noko i Moskogen og det var mang ein sveiette-dråpe både for folk og hest før alt var kome under tak. Han bygde bra store og tidhøvelege hus, teikna av herads-agronom Loftheim. Våningshuset er 7x7,5 m og lø og fjøsbygning var 8,4x 14,4 m. Dei fleste synest vel at uthuset var i største laget. Men eg kan fortelje at fjøsen er sprengd. Trass i at Nils nyleg hadde selt 4 naut sto det på båsen: 1 hest, 4 mjølekyr, 8 lammesauer, fleire kalvar og 2 smågriser. Og enno er det oppdyrka berre 29 mål, eller omlag berre halvparten av det som kan dyrkast. Det vitnar om at jorda er grøderik og i god hevd. Sume trudde ikkje det ville vekse hå, og at avlinga, difor ville bli liten. Men haa veks frodig slik at ein straks måtte bygge silo. Likeeins vaks potetene og grønsaker framifrå. Derimot var kornavlingen noko usikker. Smøret har dei sendt til meieriet på Myklebust, og dei var litt ottefulle for korleis det vart med smørleveringa dersom meieriet vart nedlagt. Men det seier seg sjølv at kjøtproduksjonen var den viktigaste. Krøtera har godt beite like inntil bøgarden.

Ja, i det heile vart eg imponert over kor langt desse bureisarane var komne. Dei er komne over tyngste kneiken både med sjølve grunnlegginga av bruket og det økonomiske utbytte av gardsdrifta.

Det var mykje slit og slep. Ja, vi kan ikkje tru at arbeidsdagen kan kortast inn enno. Men det må vere ei trøyst og ein hugnad i at heimen er trygt tufta.

Men vi kan vere nokolunde sikker på at bureisarane ikkje har valt denne uvanlege kravfulle levevegen, utan at det har stått kvinner bak.

Det er fortalt frå ei bygd i ytre Sunnfjord at når gutane frir får dei til svar at dersom dei tenkjer på å bli bonde får dei vende seg til andre. Det er kanskje det rike fiske som gjer at fiskargluntane står høgare i kurs enn dei som balar med jordtorva.

Det er dessto meir prisverdig at det fins gjenter som jamvel seier ja til ein bureisar i ein fjelldal.

Emma, kona til Nils fortel at ho like frå smågjente-dagane har sett idealet bak bureisingsyrket. Å rydde ny bø og byggje nye hus var noko som det verkeleg stod glans over. Og då Nils bygde våningshuset i 1939 stod bryllaupet.

- Og de har ikkje kjendt noko til hugtyngsla her oppe i fjellheimen? spør eg.

Nei det har eg ikkje hatt tid til, i all fall ikkje etter at smårollingane kom.

Og Nils og Emma har tre friske smårollingar. Dei to eldste er gutar.

Odelsguten er alt til så stor ei hjelp, seier mora. Han og blakken er bestevener. Guten kjøyrer åleine til bygda når føret er bra.

Men slit det ikkje på nervane å tenkje på at det kan slumpe til at det trengst doktor eller jordmor nattestider vintersdag i vegløysa? spør vi.

Å det hadde sagtens vore bra om vi ikkje hadde hatt anna enn telefon.

-Så får eg høyra beretning om korleis det ved sume høve galt livet om doktor eller jordmor kunne hentast tidsnok. Særs ille var det den gongen då vesla kom. Nils måtte springe til grannen, og grannen måtte springe mest helsa av seg til telefonen i Dvergsdal. Denne er privat og klikkar sume tider og sjølvstøtt spesielt denne gongen. Dermed måtte grannen til telefonen på Myklebust, og endeleg fekk Bydal høyre om at det låg ei kvinne og stridde for livet opp i Dvergsdalsdalen, mesta 5 mil frå Førde. Bydal sparte

ikkje på bensinen før han kom til Dvergsdal. Men då nytta det ikkje med bil lenger. Olav Dvergsdal bror til Nils, kom med to hestar frå stallen. Den eine var ei stor blakk merr. Dette var ei merr som kjøpmann Sølvberg hadde kjøpt då krigen var slutt. Men merra var vitskremd av tyskarane og det var mest litt av ein risk å kome henne nær.

Den andre merra var noko lita men spak. Så fekk Bydal velja. Han valde den vitskremde- og sterke. Og Olav sette seg på hi. Og dermed bar det til fjells. Og fram kom dei og hjelp fekk ho som hjelp skulle ha.


Dagen etter at eg var der oppe kunne vesle Else høgtide 2 års dagen.

Ei lita fjellrose med uvanleg kloke augo.

Denne vintersdagen eg var hjå bureisarane kom sola opp over Jostedalsbreen og eg fekk sjå fjelldalen i sin fulle velde. I sør ligg fjelltoppane på rad med breie dalbotnar i mellom. Her er overgang til Haukedalen. Naturskildring får vere til ein ein annan gong. Eg vil vitja dei andre bureisarane og ein augneblink sjå innom skulestova der lærarinne Malmfrid Lunde freista å fortelja 3-4 fjellborn om verda der ute.

Det var ikkje so mange stega opp til Anders Dvergsdal.

Sjølve saga om bureisinga- først draumen om eigen heim, spaninga kring første grorrenninga, slitet med reisinga av løe og våningshuset er så og seie likt for alle.



Bureisingsgrenda i dag. Løgarden skimtar vi nede til venstre.

Anders tok til å dyrka jord i 1932, bygde lòa i 1935 og stovehuset i 1937 og har brote opp 35 mål. Det er ein vakker gard han har fått seg. Men han har lote teke ymse arbeid attåt. De har kome 7 born der i heimen og skillingane har kome vel med. Den eldste, ei jente, stod til konfirmasjonen eit av siste åra.

Praten vår kom straks inn på vegløysa og skorten på telefon. Det var eit vonbrot at det vart så lenge før vegen kom, seier Anders. Det har vore mang ein speleg køyretur til bygdar. Ein gong bar det sers gale til. Anders skulle køyra heim ei kasse storsilda. Men i ein stygg kneik gleid øyken utføre og Anders etter. Til all lukke hekta sleden seg fast i noko bjørk på ein avsats. Og dermed hang sleden og øyken så å seia mellom himmel og jord. Anders sjølv ramla like ned på elvaisen. Han tenkte berre eitt: Kjem hesten etter vert eg knust. Men der oppe høyrde han hesten skrike i redsle. Grannen Daniel var med, og med hjelp av børtog fira dei hesten ned bakken til elva, og berga han på den måten. Dagen etter plukka borna som for til skulen nede i Dvergsdalen oppatt silda.

Her i Førde får vi sildekassen køyrt til stovedøra pr. bil. Det kan hende dei et silda med meir andakt der oppe i fjelldalen.

Andre peikar på at det er urimelg at Dvergsdalen er utan telefon. Telefonlina frå Myklebust til Dversdalen må, med liten meirkostnad, kunne leggest gjennom Dvergsdalsdalen. Denne planen er heilt korrekt og eg lova å gjere telegrafstyrar Hånes merksam på saka, og eg er sikker på at han legg ryggen til.

Ja, så var det nokre ord med kona til Anders. Sju born og så sprettande ung? Ja, er det ikkje eit under seier lærarinne Lunde som nett er tilstades i ein mid-dagspause frå skulen.

-Missunner De ikkje jamaldringane som er koner på storgardane nede i bygda? spør eg.

Det er Malmfrid som lyt svare denne gongen og. Skriv berre at Jenny var så glad i Anders at ho hadde fylgt honom om det var like til Galapagos.

Ja ja, litt skøy må vi ha i eit intervju og eg vonar at ingen vart fornærma. Jølstringane er kjende for sitt lune humør og dette humøret trivst oppe i Dvergsdalsdalen og.

Sola sig vestover der oppe langs fjellindane og eg må kvikke meg. Eg må innom til Daniel Sunde som er bureisar på det austlegaste bruket. Daniel er vegarbeidar og bygningsmann av profesjon, men han hadde huglagt jordbruket likevel. Og den dagen han fekk den mislikte ordren om å reide på vegarbeid på nord-sida av Jølstravatnet, stakk han opp i Dvergsdalsdalen med spade og hakke. Dermed var loddet kasta. Og han fortel at han stort sett ikkje har angra på avgjerda, trass i at han veit at han økonomisk kunne ha gjort det mykje betre som arbeidsmann.

Han måtte kjøpe jorda der oppe og starten vart nokså tung for han. Hertil kom at han fekk materialet til stova frå Utvik 9. april 1940. Alle prata om krigen, og unggutane som reiste i krigen. Å få materiale til fjells den gongen var eit løyseleg problem. Og i 1941 var huset kome under tak, etter uendeleg mykje slit. Han bar mang ei bør med plankar, bor og sement

på ryggen. Eg trur at ei realistisk skildring av det strev slike karar har med å byggje heimen sin ville gjeve nokon kvar av dei som får alt «overdratt med rettigheter og herligheter» ved å skrive under eit skøytepapir elle ved å fli ein banksjekk til ein byggmeister, noko til å tenkja på.

Natta til Marimesse det året han vigde sitt liv til den udyrka jordflekken oppe i fjelldalen, hadde han ein draum. Han såg kvar han skulle sette husa og såg korleis dei tok seg ut. I dag står husa der plent lik husa som han såg i draumen.

Daniel nemner at det hadde vore til stor hjelp om ein bureisar kunne få utbetalt dyrkingstilskotet i månadlege terminar. Pengeskorten kan ellers bli drepende. Daniel har vunne på å snutt om 25 mål. Skorten på kunstgjødsel har seinka arbeidet. Han har opplevd ein bureisar sine vanskar men han tykkjer at han er komen over verste kneiken no. Men eitt er sikkert: Hadde det ikkje vore von om å få veg om ikkje så lang tid no, så hadde han ikkje greitt å halde ut lengere. Når vegen kjem, kan han sykle til eit eller anna arbeid nede i bygda.

Ingly og Daniel gifte seg i 1944. Dei har tre born. Ingly er frå Kalvåg og var ei tid i Oslo. Ho har altså vakse opp ute i den store rømnda ved havet og sett byen med sin glans og herlegdom.

-Ja, det er vel noko lite annleis å bu her opp i fjelldalen? spør vi.

-Ja, denne einsemnda har vore i tyngste laget. Men kunne det bli veg, ville det bli likare og så helst ein eller to bureisarar på hi sida av elva, så vi kunne sjå eit par ljøs vinterkveldane. Å sjå støtt ut i svarte mørket utan eit einaste ljøs er knugande.

Ja vi er samde med Ingly i dette. Det burde vore nokre fleire bruk så grenda hadde større evne til å ta ymse løft.

Desse linjene var tenkt som ein liten gløtt inn i dei naturtilhøve bureisarkolonien lever under og litt om dei strevsame menneska som freistar å berga livet i fjellheimen.

Eitt er sikkert: Dei må få veg og telefon snarast mogeleg.

Det er mest som ei stadfesting på det turvande vegkravet når hesten til Henrik dagen etter eg var der oppe, under køyretur glei ut for ein hamar og miste sitt liv.

Den vesle strevsame og kloke Blakken, som imponerte den kvelden i hålska, er død. Det er sikkert sorg i bureisarhuslyden den dagen blakken må leggjast i grav.

Når nokre menn her i Førde har gått til oppmoding om ein dugnad til arbeid på vegen til Dvergsdalsdalen, vil eg gje denne oppmoding mi varmaste tilråding.

Kjelde:
O.N. Firda 1950

6. klasse ved Skei skule 1998/99

GULLFISKANE MINE

Gullfiskane mine er kule,
gullfiskane mine er gule.
Dei sym omkring i akvariet sitt,
og tenkjer på datt og ditt.
Når dei skal ha mat,
er det ein som er så lat.
Han sym og håpar,
at nokre dropar skal lande i
munnen hans,
Gullfiskane mine er nemleg kjempekule!



Solbild

JØLSTER

Jølster er godt .
Jølster er toppen.
Jølster det skin
på Noreg sitt
kart.
Jølster er lite,
men Jølster er
best.



Knut Øystein

JORDA

Heile jorda er full ein
plass,
der høyrer du til.
Verta storm om det vil,
du sit likevel på pulnten.



Aleksander

VINTEREN!!!

Den er kvit og kald.
Det går an å gå på ski
og skøyter,
og ake på akebrett og
sitte og drikke kakao.
Vinteren er her!



Anja

FRED

Fred overalt!!!
Fred, alle er glade, ingen græt.
Fred, alle ser på blå himmel og lær.
Våpena er nedgravd.
Fred, det er alles draum.



Marianne

RETTFERDIG

Vi er ikkje rettferdige mot kvarandre.
Vi er ikkje flinke å dele.
Vi er ikkje flinke til å ta vare på naturen.
Men vi er flinke til å la urettferdigheita spre seg.

Kari

VÅREN

Isen smeltar ja tida er inne
høyrer du vårsongen
Det kvitrar i sinnet.
Fine fargar her og der,
overalt.
Frå fjern og nær, ja våren er her!!!



Björg Anita

NOREG !!

Noreg, Noreg no er vi her igjen,
med fjellklating og bading i isvatn.
Vi skal gå på Glittertinden og
sjølvtsagt Galdhøpiggen.



Sigrid

ÅRSTIDA

Denne sommaren har vore
kald, lite sol og masse regn.
No kjem vinteren snart, som vi
nesten alle har gleda oss til.
Men jul og pakkar er kanskje
alt vi gleder oss til.



Silje

BONDEGARDEN
 På bondegarden lever
 mange små dyr.
 Hus og fjøs med raudmåla
 lister og kvitmåla dører.
 "Bæææ", seier sauene og
 "møøø" seier kua.
 På bondegarden er det liv.




Rita

VINTEREN
 Om vinteren køyrer vi på ski
 og snowboard.
 Vi måkar snø og det er travelt,
 og vi har det gøy i snøen.




Stian K

ÅRSTIDER
 Hausten er kjedeleg og våt.
 Vinteren kan vere moro på
 grunn av snøen.
 Våren er fin og sommaren er
 herleg.



Gunnar

MJØLKA
 I mjølka er det kalsium.
 I mjølka er det fosfor.
 I mjølka er det karbohydrat.
 I mjølka er det energi.
 Det er berre å drikke.



Kjell Åsmund

ÅRSTIDENE
 Først kjem våren med lauv på
 trea.
 Sommaren kjem med blomar på
 eng.
 Så kjem hausten med bær på
 trea.
 Så kjem vinteren kvit og kald,
 Og så er året omme.



Jan Tore

VÅR, SOMMAR, HAUST, VINTER.
 Først er det vår,
 Så er det sommar.
 Etter sommaren er det haust.
 Men så er det det kjekkaste, vinter.



Bjørn Are

TREET.
 Treet er fint for alle.
 Fint å sjå på, fint å klatre i.
 Huset er laga av tre.
 Kva skulle vi gjort uten treet?

Stian André

GRANTREET
 Om hausten feller treet blada sine,
 Og fargane blir gule og raude.
 Men grantreet er like grønt, det står.
 Det er like fint.



Håvard Odin

FOTBALLEN
 Fotballen rullar nedover bakken.
 Fotballen kan vi sparke på.
 Fotballen kan vi score mål med.



Sander

Løysing på kryssord side 29

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| T | L | S | | T | G | V | H |
| | N | L | R | G | V | D | |
| R | | N | E | R | O | R | N |
| V | N | I | N | | D | | O |
| N | E | M | I | E | | K | D |
| I | L | | S | T | T | V | N |
| | L | | O | R | | R | O |
| | E | | R | E | N | I | L |

Barneside

Vassrett

1. Fugl
6. Treslag
7. Fred
8. Glise
10. Ikkje dag
11. Bakke
12. Bilkjenneteikn
13. Osen
16. Jentenamn
17. Del av Europa
20. Jentenamn
22. Nedbør
23. Klag

Loddrett

1. By
2. Land
3. Terge
4. Tørka druer
5. Jentenamn
9. Gutenamn
14. Teikn
15. Hal
18. Jentenamn
19. Forkorting
21. Ung

| | | | | | | | |
|----|----|----|----|----|----|----|---|
| 1 | 2 | | 3 | 4 | | 5 | |
| 6 | | | 7 | | | 8 | 9 |
| 10 | | | | | | 11 | |
| 12 | | | 13 | | 14 | | |
| | | 15 | | 16 | | | |
| 17 | 18 | | 19 | | | | |
| | 20 | | | | | 21 | |
| 22 | | | | | 23 | | |

Kva stadnamn i Jølster gøymer seg ber ?

- | | |
|-----------|----------|
| GADDRELVS | FØRSTING |
| TRAPESGD | DØRBENE |
| UNGEHA | TRIKSEDA |
| RØSTBJE | FJORDTAL |
| DERKSE | HÅRMEIS |

Gåter:

1. Kven kan snakke alle språk ?
2. Kor mange bokstavar er det i alfabetet ?
3. Kvit kropp og raud topp, kven er vi ?
4. Om dagen i fengsel, om natta fri, kven er vi ?
5. Kva er det som blir våtare dess meir du tørkar ?



Spennande og allsidig
barneblad to gonger
i månaden for berre
242 kroner i året!

**Norsk
Barneblad**

Pilestredet 8, 0180 Oslo
Telefon 22 42 52 80

Hugs julehefta Smørbukk og Tuss og Troll
til jul!

Løysingar:
Stadnamn:
Dvergstad
Grepstad
Haugen
Bjørset
Skrede
Sjøfning
Nedrebø
Eriksstad
Flarford
Sårheim
Gåter:
Elkøet
NI
Fysikkene
Førene
Handkleet

Sogegranskaren A. Egge

Av statskonsulent Kristen Jonson Grepstad

Frå Hyrdingrøysta nr 1, 1957

Den 18. november, eller tvo dagar før han gjekk inn til den store kvildi, fekk eg eit brev fro honom som var dagsett 15. november. Det var svar på eit brev eg sende honom i sumar. Noko av det som står i brevet har truleg interesse for fleire. Difor sender eg det til Hyrdingrøysta. Eg nyttar hans eigi rettskriving og målføring.

Etter å ha nemnt ein del meir personlege ting oss i millom og gjeve nokre opplysningar om brukarane på Ytre-Grepstad, og om ei ættetavle for ætti mi som han ville sette opp, skriv han:

"Kan nemne noko om mi livssoge. Drog på underoffisersskulen i 1892, gjekk ut hausten 1894. Ikkje høveleg arbeid å få. Tok ein plass ved ein dampskips-ekspedisjon med landbruk ved Løvøy i Herøy, Nordland. Vedkomande som hyra meg sa då eg gjorde merksam på at eg kvart år laut sydover til eksersis. Det har ikkje noko å segja, sa han, for det var vintertida med fisket som var hovudsaka i Nordland.

Husbonden meinte noko anna, då eg ikkje vilde søkja utsetting vart tenesta oppsagd av meg.

Sidan tok eg på vegarbeid. - Vegene Førde - Vadheim og vegene Kårdal til Myrdal -

Hadde trulova meg i Nordland og for nordatt. Svingermor skulde verta hadde ein bygselbard, og der var fiske omkring, so eg tenkte å sjå til å få kjøpt garen og drive den og fiske. Ja eg fekk kontrakt, men såg at det vart knapt å greida seg på, so eg såg meg om etter anna.

I 1898 for eg frå eksersisen på Nordfjordeid til Bergen og tok meg plass som politikonstabel med 66 kroner i løn for månen. Det likte eg ikkje, endå dei trøsta meg med at "man var vortne merksam på meg på høgste hald, so det var t ikkje lenge før eg vart betjent". Men det paste meg ikkje.

Nett den våren før eg for sydover til eksisen hadde eg fenge arbeid som sjauar-arbeidar ved Bossmo Gruber med 10 timars dag og 20 øre timen. Frå Bergen for eg nordatt til Bossmo. Der vart eg sett til å stelle med ei togbane, lærde meg å sveisa stål- og jarn linor. So vart eg skifteformann i eit malmvaskeri, og i 1901 fekk eg plass på kontora. Eg hadde kone og ein son, fekk den andre 1902. Det vart snaut nok å greida seg økonomisk, og i 1903 spurde eg direktøren om lønsauke. Han svara: Ja, det er ikkje nokon flott løn, men egentlig kan vi greie oss med ein ung, ugift mann, men til våren 1904 skal eg ut på "befaring" av skjerp og gruber, og eg treng ein assistent. Vil De prøve det? Ja, sa eg. So vart det. Me for ikring i Trondheimsfjorden, var til Stord og Hardanger. (Fekk 12 kroner dag). Same hausten sende han meg på eiga hand til Stord for at eg skulde undersøke og skrive rapport om gruva, som låg øyde. Grua vart kjøpt, og

sidan var eg der og sette drift i gong til direktøren i 1907 sjølv kom dit. Imedan var eg leiar der. I 1909 vart grua seld til tyskarane. Dei baud meg gode vilkår, betre enn eg nokon gong hadde drøymt om (Fritt hus, lys, brennsel og 10 000 kroner om året). Eg sa nei. Drog ut og fekk igong Varaldsøy gruber, der eg var til 1918. Då vart eg send attende til Bossmo, og då som leidar og sjef for heile anlegget.

Men under dei gagne åra hadde eg fare mykje ikring å sett på Skjerp og Gruber. Då fekk me ei ny grube: Malmhaug i Rana. Men no vart det krise, i 1919-20. Amerikanarane dumpa prisane på svovel, og gruvorne vart nedlagde. Eg held fram med å fara kringom, men so tok eg til å rekne på at det skulde gå trass i alt å driva Bossmo gruber, trass i dei låge kisprisane.

Eigarane torde ikkje tru det gjekk an. Dei fekk ein framståande grubedirektør til å gå gjennom rekningane mine, og han sa at kisen vilde verta kr. 3,- dyrare pr. tonn enn eg hadde rekna med. Resultatet vart at dei ikkje vilde drive. So bad eg om å få leige gruvene. Det fekk eg, og det er mykje å melde om det, kor eg slost med myndigheiter, forhandla med kommunen og endeleg fekk gå igong. På 2 år gjekk det utmerket, men då selde eigarane gruva til Engelskmenn.

Ogso dei baud meg gode vilkår, men då hadde eg nett kome i samband med skipsreder Kjøde i Bergen. So for eg dit, og saman med han fekk eg røyst store brudd og gruber som endå i dag ein stor bråte folk lever av. Kring 170 000 tonn produsert årleg, og både grube Mølle og andre arbeidarar og mange sjøfolk har sitt gode utkome. Sjølv har eg pensjon av selskapet. Eg har kjøpt meg hus her på Minde og kan no "ta livet med ro forsovidt".

Eg hadde allt frå barndomen hug til å freista granska - serleg ættene i Jølst. - og lærde meg å læsa og skriva "Gotisk" medan eg gjekk i folkeskulen. Gamle kyrkjesongar Elias Fosshem kunde alfabetet og skreiv det opp åt meg. Det var heimearbeid å læra det sjølvsgt. No ser eg kleint, so det er ikkje greidt. Har 2 operasjonar for stær. Men det gjeng"

Men det gjekk ikkje lenge. Ein god Jølstring og ein trugen granskar er gått bort med honom.

Livsføringi til A. Egge kjem vel på mange måtar i klasse med andre frå den tid. Men sermerkt for honom tykkjes det vere at han aldri kunne slite bandi med heimbygdi, deira sed, skikkar og livskår. Handsamigi hans av stoffet han leita fram har ikkje eg vilkår eller føresetnad til å vurdera. Men allt han samla kan vi i alle høve rekna med er verna frå å gå i gløyme. Og verdien av arbeidet hans med dette vil sikkert verta sett høgt i tidi framover.

*Såvarer
Kraftfor
Kunstgjødsel
Landbruksmaskiner
Verkstad*



VALMET

TA KONTAKT MED
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING



Felleskjøpet Vestlandet

Bergen tlf. 55 32 55 00
Skei i Jølster tlf. 57 72 63 30, fax 57 72 63 31
Førde tlf. 57 72 18 40, fax 57 72 18 41
5800 Sogndal tlf. 55 67 19 05 • 6900 Florø tlf. 57 74 14 11

**Snikkarverksta
til teneste**

Vi laga nytt eller resleie da gamle,
både hus og møbla.
Visst det ikkje er ubotelæ.
Kan hende du blir forsoppa over ka vi får te.
Vi hjelpe deg gjerne, da æ no fortrælæ
å gå jærandslause!

JØLSTER BYGG AS

6840 VASSENDEN I JØLSTER • TLF. 57 72 74 15 • FAX 57 72 74 22



Eikås Frisør

EVA ÅRSET • IRENE EIKÅS
6840 VASSENDEN

Opningstider etter behov.
Timebestilling
TELEFON 57 72 75 88

**FOTO - VIDEO - UR
OPTIKK - GULL
SØLV - MUSIKK**

ALF HELGHEIM & CO AS

6850 SKEI I JØLSTER TLF. 57 72 83 11 • FAX. 57 72 83 11

FOTO - VIDEO - UR - OPTIKK - GULL - SØLV - MUSIKK



Jølster Samyrkelag

Avd. 001 - Skei i Jølster - telefon 57 72 83 77
Avd. 002 - Stardalen - telefon 57 72 89 29



SKEI
Hotel

Sentralt i fylket og landsdelen

Meir enn 100 år i reiselivet si teneste

Vår tradisjonsrike familieverksemd følger med i tida og er i dag eit moderne og komfortabelt hotell med 210 senger fordelt på 106 rom med bad/dusj/WC/tlf. 3 nye hotellrom tilpassa rørslehemma (rullestol).

Her er store salongareal og matsal med plass for inntil 300 personar. Dans til levande musikk, bar, folkedansframsyning/folkemusikk kvar veke i sommarsesongen.

13 større og mindre, godt utstyrte møte- og kurslokale. Ple-numssal med plass for inntil 250 personar.

Flott symjehall med sommartemperatur heile året. Aktivitetsrom, badstu, boblebad, tyrkisk dampbad og solarium, leikerom og skytebane.

Sommarsesong mai-september. Elles ope heile året for kurs, møte, konferansar og alle slags arrangement.

Vi ynskjer velkommen til eit hyggeleg opphald!
Familien Skrede



6850 SKEI I JØLSTER
TLF. 57 72 81 01 FAX 57 72 84 23



MAGNHILD HEGHEIMS VEVSTOVE

Ålhus, 6840 Vassenden
Tlf. 57 72 67 05

ÅKLE - LØPARAR - PUTER M.M.
TEPPE ETTER MØNSTER AV
NIKOLAI ASTRUP



årdalsbakke ELEKTRO AS

STERKSTRAUM • SVAKSTRAUM • TELEINSTALLASJON
Postboks 24 • 6850 Skei • Tlf. 57 72 63 60 • Mobil 94 74 19 41

FAX 57 72 63 61

ENTREPRENØR

**Ivar A.
Sunde a/s**



6840 Vassenden

Telefon 57 72 72 96 • Mobil 94 55 27 72

Utfører alt innan tre og betong

UNN DEG EIN PAUSE

PÅ SKEI SERVICENTER

STOR KIOSK
(bl.a. ferske brød)



VEGKRO



HYTTEUTLEIGE



OMSTIGNINGSPASS
BUSS



OPPSTILLINGSPASS
BUBILAR



STELLEROM

**SKEI
SERVICENTER**

BENSINSTASJON • VEGKRO • HYTTEUTLEIGE

6850 SKEI • TLF. 57 72 82 34

LETT Å FINNE - OLETT Å STOPPE!



DENNE
KUPONGEN
GIR DEG

**1/2
PRIS**

PÅ
I DAGEN'S
MIDDAG
HOS

SKEI
SERVICENTER

JØLSTER BIL

6850 SKEI I JØLSTER

Tlf. 57 72 68 90

KRAMBUA SIGURD KLAKEG

6850 Skei tlf. 57 72 81 22

VASSENDEN SKYSSTASJON

– drosje –

6840 Vassenden

Tlf. 57 72 71 92 • Mobil 94 56 71 60



Godt utval i
brød og kaker



6840 Vassenden

LEFI

FJORDBAKST AS
BAKERIDRIFT AS
LEFI BAKST AS



for smaken sin del

6840 Vassenden

Telefon 57 72 64 20

Fax 57 72 64 21



JØLSTER FOLKEBIBLIOTEK

OPNINGSTIDER SKEI:

Mandag.....10-15
Torsdag.....15-19
Fredag.....12-17

OPNINGSTIDER VASSENDEN:

Mandag.....17-19
Onsdag.....17-20
Fredag.....11-14

VELKOMMEN INNOM



BANK ETTER DAGSREVVYEN

Ungane i seng

Småauren vaker

Betalte straumrekninga på veg ut

No søv dei herlege bråkmakarane mine.
Eg har ikkje høyr t eit ord av Dagsrevyen. Ute lokkar småauren. Eg tek telefonen, får tak i barnevakta. Så ringer eg TeleBanken. Betaler eit par rekningar og sjekkar saldoen. Alt OK.
Kvelden er min, natta er lang og fisken vaker.

Snakk med oss om TeleBank!

Bank *der du er*

sparebanken
sogn og fjordane

VI YNSKJER ALLE KUNDANE VÅRE GOD JUL !

Stardalen Sommarkafè

– heimelaga og rimeleg mat –

Julemiddag 20. desember
Ope frå kl. 12 – 17

Vi lagar også julekaker på bestilling.
Tinging før 10. desember

Vel møtt!

S-MARKED

VASSENDEN – Tlf. 57 72 72 00

Velkomen til triveleg handel

OPNINGSTIDER:

Måndag-onsdag 9–17 • Torsdag-fredag 9–19
Laurdag 9–15

Medlemsinformasjon • Kjøpeutbytte 3%
ON LINE



Rør og rørartiklar
Sanitæreanlegg og utstyr
Varmeanlegg med ved, flis og olje
Pumpeanlegg
Kjøkkeninnreling
Baderomsmøblar

JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBASSE

6850 SKEI I JØLSTER

TLF. 57 72 83 50 • MOBIL 94 50 82 97 • 94 50 87 25

VELKOMEN TIL JØLSTRAHOLMEN SENTER

HOLMENKROA

6840 VASSENDEN
TLF. 57 72 75 22

Kafèen byr på dagens rett, à la carte, gatekjøkken-
meny. Vi leverer koldtbord/snittar til alle anledningar
Alt til konkurransedyktige prisar

GÅVE - / SUVENIRBUTIKK

I vår gåve-/suveniravdeling kan De få kjøpt lokalpro-
duserte husflidsartiklar og suvenirprodukt. Største-
delen av vårt utval er produsert i Jølster og omkring-
liggende kommunar.

OPNINGSTIDER

Ca 16. juni - 15. august

måndag-laurdag: kl. 09.00-21.00
sundag: kl. 10.00-21.00

Ca 16. aug. - 15. okt. og ca. 16. april - 15. juni

måndag-laurdag: kl. 10.00-19.00
sundag: kl. 12.00-21.00

Ca 16. oktober - 15. april

måndag-laurdag: kl. 11.00-18.00
sundag: kl. 12.00-18.00

SPAR JØLSTRAHOLMEN

TLF. 57 72 71 78

Lange opningstider 8-21 (laur/sønd. 9-21)
Godt utval og låge Spar prisar.

STATOIL SERVICE JØLSTRAHOLMEN

TLF. 57 72 71 35

Hugs – hos Statoil får du poeng på alle varer.
Ope 8-21 alle kvardagar (laur/sønd. 9-21)

SERVICEVERKSTAD

TLF. 57 72 71 35

Spør os om tilbod på oljeskift og dekk.
Distriktets beste prisar på dekk?

VASKEHALL

Sjølvaskeanlegg
– skånsom mot bilen.
Kr. 20,- pr. polett



Vi ynskjer dykk alle ei god jul og eit godt nytt år!

Omtrekking av møblar?

Kontakt

Jølster Møbel- og interiørservice

Telefon 57 72 66 12



FJØSEN



RESTAURANT & PUB

VIKEN

6850 SKEI

Telefon 57 72 84 00

Faks 57 72 84 59

Internett: www.jwd.no/pub

**A LA CARTE, ØL OG VIN,
SELSKAP OG CATERING**

*Hjarteleg
velkomen
til
handel
i julestova.*



AUDHILD VIKENS VEVSTOVE

Skei tlf. 57 72 81 25 • Førde tlf. 57 82 00 84
Julehuset Bryggen – Bergen tlf. 55 31 69 70

**Opnings-
tider:**

tysdag
9-16

onsdag
9-18

torsdag
9-16

fredag
9-16

laurdag
9-13
(annakvar)



6850 Skei
Tlf. 57 72 85 55

*Kom innom for ein kopp kaffi
og ein «bårprat»*


*Jølster mållag
takkar
annonsørane
for støtta!*



Jostein Sunde A/S

**Autorisert
maskinentreprenør**

**6850 SKEI I JØLSTER
Tlf. 57 72 83 32
Mobil 94 68 85 08**



Kr. 40,-